


Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark

Rapport til arbeidsgruppa for delprosjekt. Rapporten er eit ledd i ein planlagt prosess, og status i prosessen og konklusjon frå arbeidet så langt framgår under:

Landbruk – utmark – jord – skog - miljø

PROSESS



Ekstern konsulent: Telemarkforskning, Bent Aslak Brandtzæg og Audun Torsteinsen.

Arbeidsgruppe:

- Sverre Sæter (leiar)
- Gunhild Austjord
- Elin Skaalid
- Knut Olav Heddejord
- Thor Christiansen
- John Olav Lia

Arbeidsgruppas innstilling i referat 24. mars 2017:

Gruppa tilrår fylgjande:

Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing, der ein beheld dei landbrukskontora ein har i dag. Dette inneber tettare samarbeid om ei rekkje oppgåver som t.d. kompetanseutvikling, felleshøyeringar, samarbeid knytt til handsaming av lousaker og samarbeid om planleggings- og utviklingsoppgåver. Ein legg til grunn at ei slik løysing inneber auka krav til koordinering og at det må settast av kapasitet til dette.



Fordelar og ulemper med interkommunalt samarbeid om landbruk i Vest-Telemark

BENT ASLAK BRANDTZÆG OG AUDUN THORSTENSEN

TF-notat nr. 13/2017

Tittel: Fordelar og ulemper med interkommunalt samarbeid om landbruk i Vest-Telemark
TF-notat nr: 13/2017
Forfattar(ar): Bent Aslak Brandtzæg og Audun Thorstensen
Dato: 19.03.2017
ISBN: 978-82-336-0041-9
ISSN: 1891-053X
Pris: 160 (Kan lastast ned gratis frå www.telemarksforsking.no)
Framsidedfoto: Telemarksforsking
Prosjekt: Utreiinga av interkommunalt samarbeid om landbruk i Vest-Telemark
Prosjektnr.: 20170200
Prosjektleiar: Bent Aslak Brandtzæg
Oppdragsgjevar: Vest-Telemarkrådet

Spørsmål om dette notatet kan rettast til:

Telemarksforsking
Postboks 4
3833 Bø i Telemark
Tlf: +47 35 06 15 00
www.telemarksforsking.no

Resymé:

Utreiinga ser på fordelar og ulemper med interkommunalt samarbeid innanfor landbruk i Vest-Telemark og er ein del av eit større prosjekt som har til hensikt å styrke det interkommunale samarbeidet i regionen.



Bent Aslak Brandtzæg er utdanna geograf (Cand.polit.) frå Universitet i Bergen. Brandtzæg har vore tilsett som forskar ved Telemarksforsking sidan 1995, og er temaansvarleg for instituttets forskning knytt til interkommunalt samarbeid og kommunestruktur.



Audun Thorstensen er utdanna statsvitar og har vore tilsett ved Telemarksforsking sidan 2007. Han arbeider spesielt med forskingsprosjekt innan kommunal økonomi, med statistiske analysar og bruk av KOSTRA-data som spesialfelt.

Forord

Telemarksforsking har fått i oppdrag frå Vest-Telemarkrådet å greie ut fordelar og ulemper med ulike interkommunale samarbeidsmodellar på landbruk. Utgreiingsarbeidet er gjennomført i perioden januar-mars 2017.

Ved Telemarksforsking har Bent Aslak Brandtzæg vore prosjektleiar, medan Audun Thorstensen har vore prosjektmedarbeidar. Brandtzæg har hatt ansvar for det meste av intervju- og rapporteringsarbeidet, medan Thorstensen har stått for samanstilling og analyse av økonomiske og statistiske data. Frå oppdragsgjevars side har arbeidet vore leia av ei arbeidsgruppe der ein representant frå kvar av dei seks Vest-Telemarkkommunane har vore med. Vår hovudkontaktperson undervegs i arbeidet har vore dagleg leiar i Vest-Telemarkrådet, Kjell Gunnar Heggenes.

Vi vil nytte høvet til å takke for eit godt samarbeid i samband med gjennomføringa av prosjektet. Vi vil òg rette ei takk til dei i kommunane som har stilt opp på intervju og kome med annan informasjon.

Bø, 29.03.2017

Bent Aslak Brandtzæg

Prosjektleder

Innhold

Samandrag	7
1. Innleiing.....	9
1.1 Bakgrunn for utgreinga.....	9
1.2 Føremål og problemstillingar.....	9
2. Metode og gjennomføring.....	11
3. Om interkommunalt samarbeid	12
3.1 Kort om kunnskapsstatus	12
3.2 Erfaringar med interkommunale samarbeid om landbruk. Nokre døme.....	13
3.2.1 Felles Landbrukskontor for Lesja og Dovre	13
3.2.2 Erfaringar frå Sør-Trøndelag.....	15
3.2.3 Erfaringar frå Midt-Telemark	20
3.2.4 Erfaringar frå tidlegare kartleggingar	23
3.2.5 Samla vurdering	24
4. Landbruket i Vest-Telemark	26
4.1 Nøkkeltal og utviklingstrekk	26
4.2 Utgifter til landbruksforvaltning.....	31
4.3 Økonomiske rammer.....	33
4.4 Organisering og bemanning av landbrukskontora	37
4.4.1 Fyresdal.....	37
4.4.2 Tokke.....	37
4.4.3 Seljord kommune	38
4.4.4 Kviteseid og Nissedal	38
4.4.5 Vinje.....	38
4.4.6 Fagmiljø	38
4.5 Oppgåvehandtering og samarbeidsbehov	39
4.5.1 Fyresdal.....	39
4.5.2 Tokke.....	40

4.5.3	Seljord	41
4.5.4	Nissedal og Kviteseid	42
4.5.5	Vinje.....	44
4.5.6	Vurderingar frå Fylkesmannen	46
5.	Vurdering av aktuelle interkommunale samarbeidsmodellar.....	47
5.1	Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark	47
5.2	Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune	49
5.3	Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing	49
5.4	Fordelar og ulemper med dei aktuelle modellane.....	50
5.4.1	0-alternativet	50
5.4.2	Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark.....	52
5.4.3	Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune.....	54
5.4.4	Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing.....	56
6.	Samla vurdering og tilråding.....	58
	Referansar	61

Samandrag

Telemarksforsking har frå Vest-Telemarkrådet fått i oppdrag å greie ut fordelar og ulemper med interkommunalt samarbeid innanfor landbruk (jord, skog, utmark og miljø). Det er tre ulike interkommunale samarbeidsmodellar som har vore lagt til grunn for utgreiingsarbeidet:

- Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark
- Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune
- Effektar og krav til den enkelte kommunen med meir operativt samarbeid utan formell samanslåing

I tillegg til dei skisserte alternativa har vi òg sett på fordelar og ulemper med å vidareføre dagens organisering (0-alternativet).

Utgreiinga er basert på intervju i kommunane med tilsette på landbrukskontora og samarbeidspartnarar i andre etatar, representantar for landbruksorganisasjonane, fylkesmannens landbruksavdeling og ansvarlege for andre interkommunale landbrukssamarbeid. Vidare er det henta inn erfaringar frå fleire tidlegare kartleggingar av slike samarbeid. Det er nytta offentleg tilgjengeleg statistikk for å analysere og synleggjere økonomiske rammeføresetnader og utviklingstrekk knytt til utviklinga i landbruket i Vest-Telemark.

Kap. 3 gjev ein kortfatta kunnskapsstatus om interkommunalt samarbeid generelt, og går spesifikt inn på erfaringar med interkommunalt samarbeid frå ulike delar av landet. Kapittel 4 ser nærare på status og utviklingstrekk for landbruksnæringa i Vest-Telemark. Dette inkluderer ein gjennomgang av organisering og bemanning av landbrukskontora samt oppgøvehandtering og samarbeidsbehov.

Kap. 5 omfattar vurderingar av dei aktuelle samarbeidsmodellane med utgangspunkt i synspunkt frå samarbeidskommunane. Til slutt i dette kapitlet er det gjennomført ei systematisk samanstilling av fordelar og ulemper med dei aktuelle modellane ut frå definerte kriterier. Ei samla vurdering og tilråding er gjeve i kapittel 6.

Av dei tre aktuelle samarbeidsmodellane er konklusjonen at samlokaliseringsmodellen kjem best ut. Det er denne modellen som i størst grad bidreg til å styrke fagmiljøa og bygge eit sterkt landbrukskontor i regionen. Eit samlokalisert kontor vil gi høve til spesialisering og fordeling av oppgåver mellom dei tilsette, noko som gjev grunnlag for betre og meir effektive tenester. Vidare vil ein stå sterkare med tanke på å drive utviklingsarbeid, initiere og delta i større prosjekt og slik sett føre meir ressursar inn til regionen. Frå andre delar av landet er erfaringane at tilsvarende samarbeid har vore spesielt viktig for å styrke utviklingsarbeidet. Vidare blir det synt til ein del positive effektar som ein ikkje såg føre seg i utgangspunktet. Desse dreier seg mellom anna om at eit meir attraktivt fagmiljø har gjort rekrutteringa lettare. Ein har fått kontakt med andre regionar som har felles landbrukskontor, noko som har ført til auka erfaringsutveksling og auka læring. Ein har fått ei større anerkjenning for arbeidet som er gjort. Gjennom det interkommunale kontoret har ein fått større regional tyngde, og det har blitt lettare å bli sett og høyrd i ulike høyringsprosessar.

Dei største utfordringane knytt til eit slikt samarbeid er at reiseavstandane blir større, og at det tverrfaglege samarbeidet med tilgrensande etatar i samarbeidskommunane kan bli svekka. Dette er utfordringar som til ein viss grad kan kompensast gjennom faste kontordagar i kommunane og meir formaliserte samarbeidsrutinar.

Behovet for slike tiltak må vurderast nærare. I dagens samarbeid mellom Kviteseid og Nissedal, der avstandane er store, har ein ikkje faste kontordagar i samarbeidskommunen. På grunn av digitaliseringa har ikkje gardbrukarane like stort behov for å besøke landbrukskontoret som før, men det blir sett som viktig at dei får den hjelpa dei treng når behovet er der.

Dersom ikkje alle kommunane blir med i eit felles samlokalisert landbrukskontor for Vest-Telemark, kan ein tenkje seg ein modell der det felles landbrukskontoret har eit nettverkssamarbeid med den eller dei kommunane som ikkje er med. Når færre kontor inngår i eit slikt nettverkssamarbeid, vil det òg vera lettare å koordinere og utvikle eit slikt samarbeid. Dersom ein skal ha eit felles kontor som kan leggje grunnlag for ei vesentleg styring av fagmiljøet, bør likevel eit fleirtal av kommunane i Vest-Telemark vera med. Alle kommunane i Vest-Telemark har eit lite og sårbart fagmiljø på landbruk i dag, og det er naudsynt å samle det meste av ressursane dersom ein skal ha eit sterkt landbruksfagleg miljø.

Det har ikkje vore ein del av mandatet å vurdere lokalisering av eit eventuelt felles landbrukskontor, men det har vore ønskeleg at moment som ein bør leggje vekt på i samband med ei slik vurdering, bør synleggjerast. Lokalisering er ofte eit vanskeleg spørsmål ved etablering av slike samarbeid. Dersom ein ser på mulegheiter for samarbeid på fleire samarbeidsområde samstundes, vil det vera ein fordel med ei samla vurdering av lokaliseringa av dei ulike samarbeida. Det vil då vera lettare å bli einige, og dette var ein suksessfaktor for etablering av dei ulike interkommunale samarbeida i Midt-Telemark. Gjennom ei slik heilskapleg vurdering vil det vera lettare å ta omsyn til at behovet for tilgjenge til brukarane er forskjellig for ulike typar samarbeid.

Når det gjeld landbruk, er det fleire som er opptatt av at eit eventuelt felles kontor ikkje blir lokalisert på ein stad for seg sjølv, men i eit miljø der ein er saman med andre som arbeider med tilgrensande fagområder. Dette kan ytterlegare forsterke dei positive effektane av eit landbrukssamarbeid. Det er òg erfaringane ein sit att med frå landbrukssamarbeidet i Midt-Telemark.

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for utgreiinga

Telemarksforskning har fått i oppdrag frå Vest-Telemarkrådet å greie ut fordelar og ulemper med interkommunalt samarbeid innanfor landbruk (jord, skog, utmark og miljø). Utgreiinga er ein del av eit større prosjekt som har til hensikt å styrke det interkommunale samarbeidet i regionen. Gjennom prosjektet «Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark – endringsprosessar, styring og eigarskap» er intensjonen at dette prosjektet skal munne ut i konkrete etableringar av nye interkommunale samarbeid, der målet er betre unytting av ressursane på tvers av kommunegrensene. Det er identifisert tenesteområder der det synest å vera både økonomisk og fagleg grunnlag for utvida samarbeid, og landbruk er eitt av desse områda.

1.2 Føremål og problemstillingar

Hovudspørsmålet for utgreiinga er om aktuelle oppgåver knytt til den kommunale landbruksforvaltninga kan løysast på ein betre og meir effektiv måte enn i dag med ei eller anna form for interkommunalt samarbeid. Som grunnlag for å strukturere og systematisere utgreiingsarbeidet, har vi valt å tematisere utgreiingsarbeidet på følgjande måte:

- Interkommunalt samarbeid generelt. Kunnskapsstatus
- Erfaringar med andre interkommunale samarbeid om landbruk
- Landbruket i Vest-Telemark
 - Nøkkeltal og utviklingstrekk
 - Utgifter til landbruksforvaltning
 - Økonomiske rammeføresetnader
 - Organisering og bemanning av landbrukskontora
 - Oppgøvehandtering og samarbeidsbehov
 - Dagens kompetanse og behov for spesialisering
 - Røynsler frå brukarane, tilsette og fylkesmannen
 - Behov for tilgjenge og nærleik til tenesta
 - Samhandling med andre tenester i kommunen (plan, kart/oppmåling, næringsutvikling)
 - Viktige fordelar og ulemper med dagens organisering
- Fordelar og ulemper med gitte samarbeidsmodellar
 - Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark
 - Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune
 - Effektar og krav til den enkelte kommunen med meir operativt samarbeid utan formell samanslåing

I tillegg til dei skisserte alternativa har vi òg sett på fordelar og ulemper med å vidareføre dagens organisering (0-alternativet).

Som grunnlag for å vurdere fordelar og ulemper med aktuelle samarbeidsmodellar har følgjande kriterium vore sentrale: Kapasitet, kompetanse, fagmiljø, spesialisering, sårbarheit, oppgåvehandtering, utviklingskraft, demokratisk styring og kontroll, samhandling med andre etatar i kommunane, tilgjenge, kostnader, brukartilfredsheit og andre ringverknader.

Før vi går nærare inn på status og utfordringar knytt til landbruksforvaltninga i Vest-Telemark i dag, vil vi først foreta ein gjennomgang av kunnskapsstatus om interkommunalt samarbeid meir generelt. Deretter har vi forsøkt å hente ut nokre erfaringar frå andre interkommunale samarbeid om landbruk som kan ha overføringsverdi med tanke på etablering av interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark.

2. Metode og gjennomføring

Det er gjennomført intervju gjennom eit besøk til alle dei seks Vest-Telemarkkommunane. Her snakka vi med dei tilsette på landbrukskontora og nære samarbeidspartarar frå andre kommunale einingar. Desse har i stor grad hatt ansvar for plan og næring og miljø. Vidare har vi òg hatt intervju med leiarar for ulike organisasjonar i landbruket og Fylkesmannen si landbruksavdeling.

Røynsler frå eksisterande samarbeid om kommunal landbruksforvaltning er henta inn gjennom egne kartleggingar og gjennomgang av eksisterande evalueringar og utgreiingar. Eigne kartleggingar bygger på intervju med leiarar for dei felles landbrukstenestene for Lesja og Dovre og i Midt-Telemark. I Lesja og Dovre hadde ein i samband med utgreiingsarbeidet samanstillt nokre erfaringar frå landbrukssamarbeida mellom Vågå og Sel og mellom Sør-Fron og Ringeby. Desse er òg teke inn her. Vidare har Langset og Vinsand (2016) nyleg gjennomført ei evaluering av prosjektet «Plan, miljø og landbruk» på oppdrag av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Dette prosjektet omfattar eit tettare samarbeid mellom dei tre kommuneregionane Fjellregionen (Røros, Holtålen og Os), Værnesregionen (Stjørdal, Selbu, Tydal, Meråker og Frosta) og Fosen (Åfjord, Rissa og Leksvik). Målet med evalueringa har vore å:

- Gje ei heilskapleg oppsummering og framstilling av organisering av pilotane og prosessane
- Gje ei oppsummering av gjennomføring og resultat frå prosjektet
- Synleggjera læringspunkt for involverte pilotprosjekt
- Gje eit grunnlag og ei anbefaling for vidare utviklingsarbeid og vegval i kommunane som har delteke i prosjektet
- Synleggjera læringspunkt for regionnivå og involverte departement

Ut frå denne evalueringa har vi forsøkt å trekke ut nokre erfaringar med spesiell overføringsverdi for eit eventuelt samarbeid om landbruk i Vest-Telemark. I tillegg har vi trekt ut liknande erfaringar får ei eldre utgreiing som Telemarksforsking gjennomførte i 2004 (Brandtzæg & Lie 2004). Denne utgreiinga samanstilte erfaringar med interkommunalt samarbeid om landbruk frå Follo landbrukskontor, landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger, landbrukskontoret for Hurum og Røyken, landbrukskontoret for Lørenskog, Nittedal, Oslo, Rælingen og Skedsmo og landbrukskontoret for Hadeland.

Elles har vi nytta offentleg tilgjengeleg statistikk for å analysere og synleggjere status og utfordringar knytt til utviklinga i landbruket i Vest-Telemark. Dette går mellom anna på utviklinga i talet på bruk, areal, ulike produksjonar og økonomiske rammeføresetnader. I samband med dette har vi også sett på utgifter til landbruk ut frå behovet som kjem fram gjennom landbrukskriteriet i inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar. Dette har gitt høve til å sjå nærare på dei kommunale prioriteringane opp mot dette kriteriet. Fordelinga av utgifter ut frå landbrukskriteriet kan òg vera eit interessant utgangspunkt for å sjå på fordeling av kostnader mellom kommunane ved eit eventuelt samarbeid.

3. Om interkommunalt samarbeid

3.1 Kort om kunnskapsstatus

Dei meste sentrale motiva for interkommunale samarbeid om tenester og administrative oppgåver er knytt til større og sterkare fagmiljø, betre tenester og meir effektiv drift. Dette har vorte dokumentert i alle av dei største utgreiingane av interkommunalt samarbeid som har vore gjennomført her i landet (Weigaard 1991, Brandtzæg & Sanda 2003, Gjertsen & Martinussen 2006, Econ 2006, Brandtzæg et al. 2008, Leknes et al. 2013, Brandtzæg & Aastvedt 2013, Jacobsen 2014 og Borge et al. 2017).

Velferdsstaten omfattar stadig meir spesialiserte tenester, og mange av desse blir lagt til kommunalt nivå. Dette aukar behovet for spesialisert og profesjonell kompetanse i kommunane. For å sikre tilstrekkeleg fagmiljø har fleire kommunar inngått interkommunalt samarbeid om til dømes legevakt og alarmsentralar, PPT (pedagogisk-psykologisk teneste), barnevern, barnevernvakt og krisesenter. Som del av samhandlingsreforma er det òg dei siste åra etablert interkommunale samarbeidsordningar for kommunale akutte døgneiningar (KAD), som imøtekjem krava om augeblikkeleg hjelp-funksjonar og lokalmedisinske tenester frå 2016.

Stadig fleire kommunar inngår i interkommunale samarbeid, og staten har lagt til rette for ulike modellar. Kommunane kan i dag inngå samarbeid med andre kommunar om alle typar oppgåver, både forretningsmessig drift/næringsverksemd og lovpålagte kjerneoppgåver.

Dersom kommunane ønskjer å samarbeida om lovpålagte oppgåver som omfattar utøving av mynde, er det strengare krav til organisatoriske løysingar. Omsynet til rettstryggleik for innbyggjarane og den demokratiske kontrollen blir sikra på ein annan måte enn når kommunar samarbeider om forretningsdrift eller administrative støttefunksjonar. Det var først ved innføringa av vertskommunemodellen i 2007 at lovverket fekk ei generell opning for at kommunane skulle kunne samarbeida om lovpålagte oppgåver og utøving av mynde. Dette har t.d. ført til omfattande auke av interkommunalt samarbeid om barnevern (Brandtzæg 2016).

I arbeidet med å få på plass ein nullpunktsmålning i samband med kommunereforma (Borge et al. 2017), var det òg gjennomført ei landsdekkjande kartlegging av interkommunalt samarbeid. Her er følgjande definisjon av interkommunalt samarbeid lagt til grunn:

«Med formalisert interkommunalt samarbeid meinast avtalebasert samarbeid i form av kjøp og sal av tenester, administrativt vertskommunesamarbeid med overføring av mynde til ein vertskommune etter kommunelovas §28b, og dessutan alle former for samarbeid med ein organisatorisk overbygning dvs. vertskommune med felles folkevald nemnd, styre etter kommunelovas §27, interkommunalt selskap (IKS) eller aksjeselskap (AS) med kommunal eigarmajoritet. Samarbeid der staten eller private aktørar er dominerande deltakarar vert ikkje rekna som interkommunalt samarbeid, heller ikkje organisasjonar, samskipnader, fagnettverk og midlertidige prosjekt.»

Kartlegginga syner at dei klart mest omfattande samarbeidsområda er renovasjon, revisjon og legevakt. Over halvparten av kommunane inngår samarbeid om Ø-hjelpstilbod, PP-teneste, innkjøp, reiseliv/destinasjonsselskap, brannvesen, IKT, skatt og barnevern. Vidare syner kartlegginga at 37 prosent av kommunane har samarbeid om felles landbrukskontor, som står i fokus i denne utgreiinga. Samarbeid om felles landbrukskontor er ikkje et nytt fenomen. Nokre av samarbeida vart

etablert allereie den gongen landbrukskontora var statlege. I samband med den landsdekkande kartlegginga av vellukka interkommunale tenestesamarbeid frå 2002/2003 (Brandtzæg & Sanda 2003), vart òg samarbeid om felles landbrukskontor trekt fram som eitt av tre case for å illustrera stordriftsfordelar samanlikna med om kommunane hadde hatt kontor kvar for seg. Her vart det sett på ulike gevinstar og kostnader knytt til etablering og drift av samarbeida. Desse momenta er òg høgst aktuelle i dag, og har vorte nytta i seinare utgreingar og evalueringar av interkommunale samarbeid.

3.2 Erfaringar med interkommunale samarbeid om landbruk. Nokre døme

3.2.1 Felles Landbrukskontor for Lesja og Dovre

Dovre og Lesja er to fjellkommunar som er små i folketal og store i areal, og dei er slik sett samanliknbare med fleire av kommunane i Vest-Telemark. Dovre har 2 715 innbyggjarar og eit areal på 1 364 km², medan Lesja har eit folketal på 2089 innbyggjarar og eit areal på 2259 km². Landbruk er ei hovudnæring i begge kommunane, men er viktigast i Lesja.

Lesja er den største jordbrukskommunen med 189 jordbruksbedrifter i 2016. Lesja hadde 115 landbruksbedrifter. Kommunane har lite produktivt skogareal pga. høgda over havet. Det har vore ein stor reduksjon i talet på jordbruksbedrifter seinare åra. Sidan 2000 og fram til 2016 er talet på jordbruksbedrifter redusert med høvesvis 42,5 og 26,7 prosent i Dovre og Lesja.

Ein starta med å sjå på mulegheitene for eit interkommunalt samarbeid for nokre år sidan, og det vart gjennomført ei utgreiing i 2012 der ein summerte fordelar og ulemper ved eit muleg samarbeid. I samband med utgreiingsarbeidet vart det samla inn erfaringar frå liknande samarbeid i Gudbrandsdalen. Desse omfatta samarbeid mellom Vågå og Sel og mellom Sør-Fron og Ringebu. Erfaringane frå desse samarbeida vart summert opp på følgjande måte:

- Ein del negativ respons frå brukarar som får lengst avstand i starten, men dette er i betydeleg grad ein «vanesak»
- Større og betre fagmiljø både for tilsette og brukarar
- Større avstand til både administrasjon og politikarar i den kommunen som ikkje er vertskommune
- Dårlegare kommunikasjon og kontakt med andre etatar/avdelingar som det er naturleg å samhandle med, slik som teknisk og plan
- Minst like bra tenesteyting, fleire å spela på, kanskje enklare å «stilla fri» ressursar til meir utadretta aktivitet, og dessutan høve til meir spesialisering for dei tilsette
- Viktig å ha like saksarbeidssystem og tilgjenge på tvers av kommunane

Ut frå dei vurderingane ein gjorde i Lesja i 2012, trudde ein ikkje at ein ville oppnå så mykje gjennom samarbeid, og ein valde å ikkje gå vidare med planane.

I 2014 var det ein av dei tilsette ved landbrukskontoret i Lesja som søkte permisjon. Vedkomande hadde lang erfaring og spesiell kompetanse på lovsaker. Ein av dei tilsette ved landbrukskontoret i Dovre søkte den ledige stillinga og fekk jobben. Då måtte Dovre, som hadde berre to stillingar, lyse ut stilling som vikar. Dovre tok då initiativ til å ta opp igjen tråden med etablering av eit felles

landbrukskontor. I utgangspunktet hadde landbrukskontoret i Dovre to stillingar på jord og 25 prosent stilling på skog. I Lesja var det tre stillingar på jord og 40 prosent på skog.

Det ble då semje om å etablere det felles landbrukskontoret som skulle ligge i Lesja, fordi tyngdepunktet av bønder er her. I utgangspunktet hadde begge kommunane lik organisering ved at landbrukskontoret var plassert under byggesak, oppmåling og miljø. Dette er ei organisering som ein har funne hensiktsmessig ut frå omsynet til heilskapleg arealforvaltning, og mulegheiter for samhandling på tvers mellom dei ulike einingane. Ein diskuterte om ein skulle etablere eit landbrukets hus, der ein fekk samla landbruk, organisasjonar og andre landbruksressursar under eit felles tak. Det enda ikkje med ei slik løysing fordi ein ønska ei sterk kopling mot resten av den kommunale forvaltninga, og ein etablerte eit administrativt vertskommunesamarbeid med Lesja som vertskommune. Kommunane hadde frå før samarbeid om felles veterinærvakt som var administrert frå Lesja.

For Dovre sin del vart landbruk flytta ut av eigen organisasjon, men begge kommunane har politiske utval som handterer forvaltningssaker. Rådmannen i Dovre har delegert mynde til rådmannen i Lesja, og rådmannen i Lesja har innstillingsrett i begge kommunar.

Kontoret har i dag 4,75 stillingar på jord og 0,4 stillingar på skog. Når kontoret vart etablert, vart det kutta 0,25 prosent stilling på skog i Dovre, slik at to stillingar vart overført. Hausten 2016 kom det krav om ytterlegare reduksjon på 0,25 stillingar. Dovre har sjølv ansvar for miljøforvaltninga. Lesja har ansvar for å administrere rovdyrforvaltninga i begge kommunar.

Det som blir trekt fram som viktige effektar av samarbeidet, er at ein innan landbruksforvaltninga har fått eit større og sterkare fagmiljø – «det har vore ei beriking for fagmiljøet i avdelinga at vi har vorte fleire». Kontoret har fått breiare kompetanse, mellom anna knytt til økonomi, lovverk, næringsutvikling og husdyrproduksjon. Oppgåver og ansvar har i større grad blitt fordelt ut frå dei tilsette sin kompeanse og faglege interesser. At ein har vorte eit større miljø, har òg ført til at ein kan fokusere meir på utviklingsoppgåver, og ikkje berre på lovpålagte driftsoppgåver. Det har vorte meir utviklingsretta prosjektarbeid med fokus på tilleggsnæringar. Dette blir oppfatta som viktig for brukar som ønskjer å utvikle seg vidare. Det har mellom anna vorte sett i gang eit gardgründerprosjekt som har ført til auka sysselsetting med utgangspunkt i dei ressursane som garden representerer. Her ser ein at det er eit stort potensial innan lokal mat, natur og kultur for kommunane som er lokalisert midt mellom nasjonalparkane. Erfaringa er at gardeigarar og grunneigarar spelar ei viktig rolle med tanke på å sjå lokale ressursar opp mot reiseliv og opplevingsnæring. Det har vore arbeid med haldningsendringar innan næringa for å skape forståing av at landbruksretta næringsverksemd kan vera noko anna enn berre å produsere meir og meir av det tradisjonelle. For busettinga i distrikta er arbeidsplasser knytt til landbruket av stor betydning, og utnytting av lokale resursar blir sett som viktig i så måte. Erfaringa er at damer kjem meir på banen når det gjeld nye næringar. Tidlegare har det dei har drive med ikkje hatt så stor status, men for distriktutviklinga er alle arbeidsplassar like viktige. Landbrukskontoret legg såleis vekt på å kunne yte tenester òg til dei som ønskjer å drive med noko anna enn det reint tradisjonelle. Her blir det gjeve uttrykk for at det har skjedd ei haldningsendring den siste tida.

Elles blir det trekt fram at større fagmiljø har gjort at oppgåver har vorte enklare å handtere med tanke på habilitet. Det er lettare å unngå problemstillingar knytt til dette når ein har fleire å spele på. Her har det òg vorte lettare å gjennomføre meir systematiske kontrollar knytt til utbetaling av produksjonstilskot. I og med at ein har fått eit større kontor, har ein fått avsett meir ressursar til å drive utviklingsarbeid, og det har blitt lettare å ha eit kontinuerlig fokus på dette arbeidet. Tidlegare, når ein hadde få å spele på, måtte ein prioritere lovsaker og søknadsbehandling når desse sakene kom, og då måtte andre oppgåver vike.

I og med at landbrukskontoret er lokalisert i Lesja, er landbrukskontoret representert på administrativt planmøte i Dovre annakvar måndag. Dei har òg vore tilgjengelege for brukarane på spesielle tidspunkt for å hjelpe til i samband med søknadsrundar om produksjonstilskot. Det er no på trap-pene å lage felles landbruksplan for dei to kommunane.

I og med at landbrukskontoret er lokalisert i Lesja, er ikkje landbrukskontoret like tett på administrasjonen i Dovre som i Lesja. Dette er ei ulempe som må sjåast opp mot fordelane med at kontoret no kan gje betre hjelp på fleire område. Gardbrukarane får framleis besøk frå landbrukskontoret, og det blir hevda at frykta for samarbeid i utgangspunktet var større enn det den i utgangspunktet trengte å vera. Det blir hevda at erfaringane med å samarbeide har vore betre enn forventingane i samband med utgreiingane tilbake i 2012. Dette går mellom anna på at fagmiljøet har vorte meir attraktivt, og det har vorte lettare å rekruttere. Ein har fått kontakt med andre regionar som har felles landbrukskontor som ein utvekslar erfaringar med, og ein lærer av kvarandre. Ved kontoret merkar ein ei større erkjenning for arbeidet som blir gjort. Kontoret har fått større tyngde, og det har blitt lettare å bli sett og høyrd i ulike høyringsprosessar.

Ein er no i gang med ei evaluering av samarbeidet, der ein er spesielt ute etter erfaringane frå administrasjonen og brukarane i Dovre, som ikkje lenger har landbrukskontor lokalisert i eigen kommune. Her kan det vera aktuelt med tiltak for å betre samhandlinga. Det er òg ei utfordring at det er inntektsforskjellar mellom kommunane. Lesja har betre økonomi som følgje av kraftinntekter, og Dovre har slik sett eit større fokus på å realisere effektiviseringsgevinstar som følgje av samarbeidet, samanlikna med Lesja. Nedskjeringar på stillingane vil i tilfelle gå ut over det utviklingsretta arbeidet. Landbruket er mykje større i Lesja enn i Dovre, og det er forskjellar når det gjeld kultur og ideologi. Her ser ein òg at felles landbruksplan skaper større fellesskap i samband med strategiar og prioritering for den framtidige utviklinga av landbruket i dei to kommunane.

3.2.2 Erfaringar frå Sør-Trøndelag

Som nemnt i kap. 2, har Langset og Vinsand (2016) nyleg gjennomført ei evaluering av prosjektet «Plan, miljø og landbruk» på oppdrag av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Dette prosjektet omfattar eit tettare samarbeid mellom dei tre kommuneregionane Fjellregionen (Røros, Holtålen og Os), Værnesregionen (Stjørdal, Selbu, Tydal, Meråker og Frosta) og Fosen (Åfjord, Rissa og Leksvik). Vi vil her forsøke å trekke ut nokre erfaringar som kan ha overføringsverdi til eit eventuelt samarbeid om landbruk i Vest-Telemark.

Fjellregionen

Røros og Holtålen kommunar meldte i januar 2013 interesse for å delta i eit pilotprosjekt ut frå ein initiativ som fylkesmannen tok overfor kommunane. Samstundes inviterte Røros og Holtålen Os og Tolga kommunar til å delta i eit fellesprosjekt. Dei fire kommunane vart samde om å etablere eit pilotprosjekt for samarbeid innanfor landbruksområdet.

Følgjande mål vart knytt til pilotprosjektet:

- Bidra til oppbygging av attraktive og robuste fagmiljø
- Moderne landbruksforvaltning
- Betre avgjerdsgrunnlag for kommunestyra
- Auka rettstryggleik for innbyggjarane
- Meir effektiv forvaltning

- Meir desentralisering og auka lokalpolitisk handlingsrom

Forprosjektrapport for landbrukssamarbeidet vart lagd fram omkring årsskiftet 2014/2015 og vart handsama i kommunestyra i dei fire kommunane med positive vedtak på anbefalingane i rapporten. Det gjaldt m.a. at samarbeidet skulle etablerast i samsvar med ein vertskommunemodell, og at det skulle veljast ei desentralisert organisering med faste kontordagar i den enkelte kommunen. Likevel vart det ulike vedtak om val av vertskommune. Medan Tolga gjorde vedtak om Tolga som vertskommune, vart det vedtatt i dei tre andre kommunane at Os skulle vera vertskommune. Tolga valde dermed å ikkje gå vidare i hovudprosjektet på landbruk, og heller ikkje å delta i gjennomføring av eit for- og hovudprosjekt innanfor plan og miljø.

Hovudprosjektfasen omfatta dermed kommunane Os, Røros og Holtålen. Arbeidet med hovudprosjektrapporten vart avslutta april 2016. Rapporten omfatta utgreiing og forslag andsynes:

- Konkrete arbeidsoppgåver for felles landbruksavdeling
- Økonomi - kostnader og inntekter
- Kostnadsfordeling mellom deltakande kommunar
- Samarbeidsavtale og verksemdavhending

På grunn av arbeidet med kommunereforma, og fristen til kommunane om å fatta vedtak om kommunestruktur innan 01.07.2016, vart den politiske handsaminga av vertskommuneavtala for landbruk utsett. I samband med kommunestrukturarbeidet vart det laga ei overordna samarbeidsavtale som skulle tre i kraft dersom dei tre kommunane ikkje skulle nå fram med ei samanslåing. I denne avtala vart det lagt til grunn at samarbeidskommunane skal sikre dagens inngåtte samarbeid og laga ein forpliktande plan for nye samarbeidsområde med iverksetting av dei samarbeidsordningane som er nemnt i avtala innan 2020. Dette betyr mellom anna iverksetting av felles landbrukskontor, men òg etablering av felles plan-, miljø-, geodata- og byggesakkontor. Endelege politiske vedtak av vertskommuneavtala for felles landbruksavdeling vart så fatta i løpet av oktober 2016. Den felles landbruksavdelinga vart sett i verk 01.01.2017.

Nokre sentrale erfaringar frå samanslåingsprosessen var at regionen hadde eit godt grunnlag for å etablere utvida samarbeid på plan, miljø og landbruk gjennom langvarige samarbeidsrelasjonar på ei rekkje område. Innanfor landbruket var det allereie etablert samarbeid gjennom kjøp av tenester mellom enkelte av kommunane. Initiativet frå Fylkesmannen blir likevel vurdert som ein viktig katalysator for at samarbeidet kunne utvidast og styrkast i form av etablering av ei felles avdeling på landbruksfeltet.

I løpet av prosessen vart kommunane samde om at arbeidet med å etablere samarbeid innanfor plan og miljø skulle forskyvast. Årsaka var i fyrste rekkje at det ville bli komplekst å ta alle tre fagområda i ein og same prosess, men òg fordi desse områda, og særleg planfeltet, vart oppfatta som meir krevjande å gjennomføre reint politisk.

Tilbakemeldingane er at prosessen i Fjellregionen er køyrd på ein god måte. Det har vore solid forankring av arbeid både politisk og administrativt, god prosessleiing og dugelege eksterne konsulentar. Eit ankepunkt er likevel at prosessen kunne ha vore gjennomført raskare.

Som alternativ til kommunesamanslåing har dei tre kommunane utarbeidd ei overordna samarbeidsavtale som inneber forpliktingar til å etablere nye samarbeidsordningar i regionen basert på ein heilskapleg og balansert fordeling av funksjonar mellom kommunane. Det blir vidare fram-

heva som ein styrke for samarbeidet at Røros, som den største kommunen i regionen, har eit regionperspektiv på kommunesamarbeidet. Gjennom den overordna samarbeidsavtala er det lagt opp til vidare prosess for å etablera samarbeid innanfor plan og miljø.

Det var liten diskusjon om val av formell samarbeidsform. Administrativt vertskommunesamarbeid vart valt med grunngeving i at ein ønskte ein effektiv og ikkje for komplisert modell. Særleg vart det lagt vekt på at modellen måtte leggja til rette for heilskapleg styring, éin arbeidsgivar og at leiar må få disponera medarbeidarar fritt.

Erfaringa er elles at etablering av ei felles landbruksavdeling i praksis vil innebera ei lita omstilling internt i kommunane. Det blir likevel gjevne uttrykk for at legitimiteten til den felles avdelinga vil vera avhengig av at avdelinga er aktiv og synleg for brukarane i alle tre kommunar. Det er klare forventingar om at etablering av ei felles avdeling vil gje eit robust fagmiljø med større rom for spesialisering, fagleg oppdatering og effektivisering. Det blir samstundes påpekt at ei realisering av desse gevinstane fordrar det at organisasjonen blir bygt systematisk med dette som siktemål. Det er òg klåre forventingar om at ei ny organisering av oppgåvene kan innebera at ressursar blir frigjort til utviklingsarbeid innanfor landbruket. Kva effektar ein oppnår på sikt, står att å sjå.

Værnesregionen

Regionrådet i Værnesregionen ved kommunane Stjørdal, Tydal, Selbu, Meråker og Frosta fatta i desember 2012 vedtak om å delta i eit pilotprosjekt for utvikling av interkommunalt samarbeid. Malvik kommune deltok òg i eit innleiande møte, men valde å ikkje gå vidare med prosjektet.

Ønsket om å delta i prosjektet har samanheng med at ein i Værnesregionen over fleire år har greidd ut behov for å styrkja fagmiljøa innanfor planlegging, plan- og byggesaksbehandling, tilsyn, deling, oppmåling, plan- og geodataforvaltning, landbruk og miljøvern.

Våren 2013 vart det utarbeidd ein forprosjektplan, og det vart fatta vedtak om at det skulle setjast i gang eit utgreiingsarbeid for å kartleggja behovet til kommunane og for å fremja forslag til gode samarbeidsløysingar innanfor dei aktuelle fagområda.

Følgjande overordna målsettingar vart sett for pilotprosjektet:

- Betre avgjerdsgrunnlag for kommunestyra
- Nye interessante roller for politikarane
- Oppbygging av attraktive og robuste fagmiljø med fellestenester for fleire kommunar
- Heilskapleg og sektorovergripande samfunnsplanleggingsperspektiv
- Moderne landbruks- og miljøforvaltning
- Auka rettstryggleik for innbyggjarane
- Billegare og meir effektiv forvaltning
- Aktiv deltaking og påverknad frå kommunane i regionale planprosessar
- Byggja opp forpliktande regional framferd med tanke på desentralisering og auka lokalpolitisk ansvar

I januar 2015 konkluderte prosjektet med anbefaling om at det skulle etablerast ei samarbeidsløysing i form av eit felles tenestesenter med desentralisert fagpersonell innanfor alle delområda – plan, landbruk og miljø. Tenestesenteret skulle etablerast i Stjørdal kommune som då òg ville bli vertskomme. Prosjektgruppa rådde vidare til etablering av ei felles politisk nemnd for plan, og ei felles politisk nemnd for områda landbruk og miljø.

Ved handsaminga av rapporten i regionrådet i Værnesregionen vart det gjeve tilslutning til prosjektgruppa sine anbefalingar. Samstundes vart det signalisert behov for ei nærare utgreiing av politisk styringsmodell for samarbeidet. Prosjektgruppa vart dermed pålagt å gjennomføra ei tilleggsutgreiing som drøfta fordelar og ulemper ved to alternativ: 1) ein modell med politisk nemnd og 2) ein modell med felles tenestesenter utan politisk nemnd, dvs. administrativt vertskommunesamarbeid. Etter arbeidet med tilleggsutgreiinga heldt prosjektgruppa fast på si hovudtilråding om vertskommunesamarbeid med politisk nemnd, men gruppa var delt i spørsmålet om ein ville tilrå eit administrativt vertskommunesamarbeid dersom politisk nemnd ikkje var muleg.

Ved handsaminga av saka i kommunestyra i løpet av våren og tidleg haust 2016 vart det tydeleg at Stjørdal, som potensiell vertskommune, og samarbeidskommunane hadde ulike syn på dei to modellane. For Stjørdal var det ein føresetnad at det vart ei løysing med politisk nemnd dersom kommunen skulle ta på seg vertskommunesamarbeid. For samarbeidskommunane var det berre aktuelt med eit administrativt vertskommunesamarbeid. Med bakgrunn i ulike synspunkt på val av styringsmodell, har pilotprosjektet i Værnesregionen førebels stoppa opp. Ein eventuell vidare prosess for å koma i mål med arbeidet er stilt på vent inntil resultatata av ei heilskapleg evaluering av det interkommunale samarbeidet i Værnesregionen ligg føre. Det er venta at denne evalueringa skal gjennomførast i løpet av 2017.

Evalueringa av forsøket på samarbeid fram til og med hausten 2017 konkluderte med at kompetanseperspektivet gjennomsyra utgreiingsarbeidet heile vegen, men at den politiske handsaminga av forslaget til prosjektgruppa syner at det er ein skilnad på politikk og administrasjon. I den politiske handsaminga vart fokuset dreidd vekk frå dei positive sidene som kunne ligge i ei samarbeidsordning, til fokus på truslane eit samarbeid kunne representera for den enkelte kommune. Gjennom evalueringa blir det vidare gjeve uttrykk for at kommunestruktureforma påverka arbeidet med piloten i betydeleg grad. Dette fordi endring i kommunestruktur representerer ei anna løysing på utfordringane knytt til kompetanse og kapasitet enn det som var tema for pilotprosjektet, dels fordi enkelte av kommunane i regionen vurderte muleg samanslåing med andre kommunar, og dels fordi det var ulike haldningar politisk mellom kommunane om samanslåing var ønskeleg eller ikkje. Kommunestrukturarbeidet sette dermed ein annan dagsorden, og mykje av energien og merksemda rundt pilotprosjektet vart borte.

Fosen

Pilotprosjektet på Fosen har omfatta kommunane Åfjord, Leksvik og Rissa. Prosjektet skil seg frå pilotprosjekta i Fjellregionen og i Værnesregionen ved at det er gjort eit bevisst val om ikkje å etablere ei formell samarbeidsløysing mellom kommunane, men å styrke kompetanse og kapasitet gjennom kompetanseutviklingstiltak i felles grupper og samlingar på tvers av kommunane. Modellen på Fosen kan skildrast som ein uformell nettverksmodell for kompetanseutvikling.

Prosjektplanen vart laga våren 2013, og det vart lagt opp til ein eittårig forprosjektfase som vart avslutta sommaren 2014. Deretter hadde ein eit hovudprosjekt med ei varigheit fram til sommaren 2016. Dei viktigaste aktivitetane i forprosjektet omfatta:

- Informasjon til involverte medarbeidarar i kvar kommune
- Kartlegging av medarbeidarens kompetanse og interesse (og delvis kapasitet)
- Kartlegging av generelle og fagspesifikke dataløysingar
- Samlingar for medarbeidargruppa med dialog om bistandsbehovet til kommunane og høve til å bidra, og dessutan aktuelle samarbeidsområde
- Foredrag og samlingar av både fagleg og sosial karakter

Kartlegginga av bistandsbehovet til kommunane og høve til å bidra vart viktig for å utforma hovudinnhaldet i forslaget til hovudprosjekt. I løpet av forprosjektet vart dessutan styrings- og prosjektgruppa operativ med involvering av kommunane si politiske og administrative leiing.

Etter positive vedtak i kommunestyra om vidare deltaking i pilotprosjektet, vart hovudprosjektet sett i gang hausten 2014. Hovudprosjektet skulle ha fokus på tre hovudelement:

- Refleksjon og opplæring i grupper
- Satsing på utvalde fagområde
- Byte eller kjøp av tenester

I alt 32 medarbeidarar har vore med i pilotprosjektet, og samarbeidet har føregått innanfor 7 faggrupper, der landbruk var ei av desse. Det vart halde møter ein gong i kvartalet med fokus på opplæring, felles satsingar, utvikling på fagområda og byte/kjøp av tenester. Hovudprosjektet vart avslutta etter planen sommaren 2016, men det var eit uttalt ønske om å gå vidare med ei utviding av prosjektet.

I og med at samarbeidet ikkje inneber oppbygging av organisatoriske strukturar, vart ikkje kommunereforma tolka som ein trussel mot prosjektet på Fosen. Det blir poengtert at det er behov for kompetanseutvikling gjennom forsamlingar o.l., uavhengig av eventuelle endringar i kommunestruktur.

Prosjektet har hatt ei rekkje positive gevinstar for kommunane. Dei har lært kvarandre betre å kjenne både politisk og administrativt, og det er lagt grunnlag for samordning og felles prosessar på fleire område. Dialogen med fylkesmannen har vore tett og god i heile prosjektperioden.

Prosjektet blir vurdert som vellukka med omsyn til individuell kompetanseutvikling, men det blir samstundes understreka at det i liten grad fører til styrkt kapasitet og meir robuste fagmiljø i den enkelte kommune.

Moment med overføringsverdi

I dei samla analysane av dei tre pilotprosjekta blir det synt til fleire læringspunkt som både kan gje grunnlag for justeringar i dei konkrete pilotprosjekta, og ha breiare interesse for andre kommunar som vurderer å utvikle desse fagområda gjennom å etablera samarbeidsløysingar.

Utgangspunktet for arbeidet i pilotprosjekta var at det skulle etablerast samarbeidsløysingar for fagområda plan, miljø og landbruk. Eit spørsmål som er trekt fram i samband med evalueringa, er i kva grad det er føremålstenleg å arbeide for heilskaplege eller sektorvise samarbeidsløysingar. På den eine sida heng desse tre fagområda tett saman i det samla apparatet til kommunen, og dei bør sjåast i samanheng med heilskapleg samfunnsutvikling. På den andre sida er dei tre fagområda ulikt organisert og prioritert i kommunane. Landbruk utgjer ein homogen sektor og eit oversiktleg lovområde. Miljø blir trekt fram som den rake motsetnaden, kjenneteikna av ein fragmentert kompetanse som skal følgja opp eit mangfaldig og tverrsektorielt fagområde. Planfunksjonen på si side rører ved kjerneinteressene til kommunen og blir oppfatta som eit sensitivt område å samarbeida med andre kommunar om.

Røynslene frå evalueringa av dei tre pilotprosjekta tilseier at ein bør vera varsam med å etablera éi felles løysing for alle tre fagområda, slik det vart lagt opp i Værnesregionen. Det kan synast føre-

målstenleg å utvikla samarbeidet sektorvis og skrittvis slik det blir gjort i Fjellregionen. Utfordringa med denne tilnærminga er likevel at det må takast grep for å unngå at ein får tre separate interkommunale tenester som har liten kontakt med kvarandre.

Eit anna viktig føremål med pilotprosjekta var å gje læring om alternative strategiar og tiltak for å styrke kompetansen og kapasiteten til kommunane på dei aktuelle områda. Pilotprosjekta gjev døme på to alternative hovudvegar når det gjeld organisering av slike samarbeid. På den eine sida har vi formelle samarbeidsordningar basert på vertskommuneløysingar i Fjellregionen og i Værnesregionen, og på den andre sida nettverksløysinga på Fosen.

Nettverksmodellen på Fosen har vist seg som ein fleksibel og effektiv modell som i løpet av kort tid har produsert resultat i form av auka kompetanse hos kommunane sine medarbeidarar. Basert på det samla inntrykket frå intervjumaterialet, blir det i evalueringa synt til at nettverksamarbeid likevel ikkje er ei berekraftig løysing for å sikre stabilt tilgjenge på kompetanse og kapasitet. Men det kan vera eit viktig første steg på vegen mot permanente strukturar, noko som òg blir understreka frå kommunane på Fosen.

Eit viktig mål med arbeidet i Fjellregionen og Værnesregionen var å byggje opp ein robust organisasjon gjennom samling og felles organisering av fagressursane. Både ein administrativ vertskommunemodell og vertskommune med politisk nemnd legg til rette for eit langsiktig og forpliktande samarbeid. Prosessane i pilotprosjekta viser likevel at etablering av formelle samarbeidsordningar reiser ei rekkje prinsipielle og vanskelege problemstillingar i skjeringsfeltet mellom fag og politikk. Særleg blir dette sett på spissen i Værnesregionen. Dels handlar diskusjonen om mulegheiter og føresetnader for politiske styring på kommunale kjernefelt (særleg for plan), dels handlar det om høva til vertskommunen for å gjennomføra effektive prosessar i eit komplekst system av ulike bestillarar, og dels handlar det om det samla systemet for fordeling av byrder og gevinstar mellom mange kommunar i ein geografisk avgrensa region. I samband med dette vart det i evalueringa synt til at fleire spør om det samla samarbeidet i Værnesregionen har kome til vegg ende. I dette ligg det truleg ei erkjenning av at det er grenser for kor stort omfanget av interkommunalt samarbeid kan vera før samarbeidsulempene blir større enn fordelane.

Kommunane bør etter NIVI si oppfatning, og som har stått for evalueringsarbeidet i Sør-Trøndelag, jobbe vidare med å vidareutvikle fagnettverk og initiera utvida formalisert samarbeid på tvers av kommunegrensene. I Fjellregionen blir det synt til at etablering av felles plan- og miljøfunksjon er ei naturleg oppfølging, mens det på Fosen er behov for meir systematisk arbeidsdeling og overgang til meir heilskapleg regionalt samarbeid på heile Fosen. I Værnesregionen er det behov for nærare avklaringar av politisk og administrativ styringsform før ein går vidare.

3.2.3 Erfaringar frå Midt-Telemark

Det vart fatta vedtak om etablering av felles landbrukskontor for Midt-Telemark i 2004/2005, og vedtaket kom i samband med at fleire andre samarbeid vart etablert. At ein skulle ha felles landbrukskontor, kom litt brått på for dei tilsette, og det var lite prosessarbeid blant dei tilsette før vedtaket kom.

Det felles landbrukskontoret vart etablert i 2006. Fram til då hadde ein tre sjølvstendige kontor i Bø, Nome og Sauherad, men ein hadde noko samarbeid på enkelte område. Kontora hadde nokre prosjekt saman, og det var etablert ein møteplass som vart kalla for regionmøte. Kontora hadde behov for å diskutere med kvarandre om korleis ting skulle gjerast og handterast, t.d. høyringar og fagsaker. Dette samarbeidet førte til at dei tilsette kjente kvarandre og hadde ei felles forståing

før felles landbrukskontor vart etablert. Dette var ein form for samarbeid som kan minne om nettverkssamarbeidet på Fosen (jf. kap. 3.2.2).

Eit viktig mål med etableringa av felles landbrukskontor i Midt-Telemark, har vore auka fokus på å styrke det landbruksrelaterte utviklingsarbeidet. Her har det vore nokre grenseoppgangar mot Midt-Telemark næringsutvikling, som vart etablert like før, men det var ei forståing av at landbruksrelatert utviklingsarbeid høyrer heime under landbrukskontoret, og det var tilsette ved kontoret som var vane med å drive med slikt arbeid frå tidlegare.

Landbruksrelatert utviklingsarbeid blir òg omtala som ein del av suksessen til landbrukskontoret i Midt-Telemark. Det er gjennomført mange prosjekt, og kontoret har henta inn om lag 10 millionar kroner i offentlege tilskot til å drive prosjektretta arbeid. Prosjekta blir omtala som målretta, og det blir synt til gode resultat som følgje av fleire av desse. Det har t.d. vore gjennomført eit fruktprosjekt som har gitt stor utviding av fruktarealet, eit prosjekt for etablering av nye næringar under gamle tak, og det har òg vore arbeid med prosjekt knytt til omstilling av fjørfeproduksjonen. Som følgje av omlegging av vilkåra for fjørfeproduksjonen har omstillingsprosjektet vore viktig for å halde på eksisterande bruk og hjelpe dei som ynsker å utvikle seg vidare. Elles har det òg vore gjennomført prosjekt knytt til økokorn, sniglar, burøt, graskar, candagås, miljø og forureining. Landbrukskontoret har òg hatt ansvar for utarbeiding av miljø- og klimaplan for Midt-Telemark. Landbrukskontoret har ikkje ansvar for miljø generelt i kommunane, men landbruket er ein sentral aktør i klimaspørsmålet, og det vart sett som hensiktsmessig at landbrukskontoret hadde eit overordna ansvar for arbeidet.

Det blir synt til at prosjektarbeidet har styrka fagmiljøet på fleire måtar. Prosjekta har gjort at landbrukskontoret har hatt mulegheiter for 1-2 prosjektleiarstillingar i året. Vidare fører prosjektarbeidet til at medarbeidarane kjem saman, diskuterer problemstillingar og lærer nye ting. Det blir lettare å hente inn ny kunnskap om nytt lovverk og nye prinsipp i forvaltninga. Det blir hevda at dersom kommunane hadde vore kvar for seg, hadde ein ikkje klart å samarbeide på den måten – ein hadde ikkje hatt eit apparat for å gjere det. I ein liten kommune er utfordringa at samarbeid om utviklingssaker kjem på toppen av det daglege arbeidet. Høyrings saker blir trekt fram som eit anna døme. Dersom ein skal vera eit aktivt landbrukskontor, blir det sett som viktig å diskutere slike saker og vera frampå. Eit aktivt landbrukskontor må ha meiningar og synspunkt på lovverket som ein jobbar opp mot, og eit større kontor har betre kapasitet og kompetanse til å kome med høyringsinnspel til planar og lovendingar.

Gjennom samarbeidet har ein fått eit større og sterkare fagmiljø. I 2005 hadde kommunane kvar for seg 10 stillingar delt på 6,9 årsverk. I dag har kontoret 8 stillingar delt på 6,1 årsverk. I utgangspunktet var det mål om ei framtidig ramme på 6 årsverk, men det var då ikkje berekna behov for merkantilt personell, og ein fått 0,5 årsverk til dette. Slik sett har det vore henta ut ei effektivisering, og budsjetta har vore stabile dei siste 10 åra. Likevel har samarbeidet styrka fagmiljøet og gitt grunnlag for fagleg satsing og utvikling på fleire område. Kontoret har no åtte fast tilsette, noko som gjer at ein stort sett kan vera to på sentrale fagområde. Dette reduserer sårbarheita samtidig som dei tilsette har høve til å fordjupe seg og styrke kompetansen på ulike område, og den faglege tryggleiken ved kontoret har vorte styrka. Ved at ein er to som har kompetanse på same spesialområde, sikrar ein òg at det stort sett er nokon som kan svare på spørsmål som kjem til kontoret. Dette blir sett som ein stor fordel samanlikna med eit lite kontor der nokre få tilsette gjerne må kunne alt og handtere alle spørsmål og oppgåver. Det er store krav til kontora med tanke på handtering av regelverk, kontroll, tilskotsordningar og økonomiske verkemiddel, og som det er krevjande for eit lite kontor å ha styring på. Feil kan få store konsekvensar for brukarane. Det blir og peika på at visse saker er sjeldne i ein liten kommune, og at desse dermed blir tidkrevjande og vanskelege å handtere når dei først kjem. Dette fordi ein som har få liknande saker, får

for liten erfaring og trening med å handtere desse sakene. Dersom det ikkje var eit felles landbrukskontor, ser ein òg at dei tilsette ved landbrukskontoret lett kunne bli belasta med andre oppgåver som ikkje direkte har med det landbruksfaglege å gjera. Dette kan vidare føre til at kapasiteten, inspirasjonen og innsatsen for utviklinga av landbruket ikkje ville blitt den same.

Ein annan fordel som blir trekt fram, er at det har blitt lettare å handtere både formell og følelsemessig inhabilitet. Erfaringa er at lokalkunnskap mange gonger kan vera ein fordel, men at den ved visse høve kan vera hemmande, og at det kan vera vanskeleg å utøve mynde overfor folk ein kjenner. I slike samanhengar blir auka distanse og fleire å spele på sett som ein fordel. Erfaringa er vidare at krava til forvaltning, formelle vedtak, kontroll og profesjonalitet har vore sterkt aukande dei seinare åra, og det er ingen ting som tyder på at desse krava blir svekka i åra som kjem. At ein har fått eit sterkare fagmiljø gjennom det interkommunale samarbeidet, gjer at det blir lettare å imøtekomma desse krava.

Det som har vore den største utfordringa knytt til det interkommunale landbrukssamarbeidet i Midt-Telemark, spesielt i startfasen, var nærleiken og samhandlinga med dei andre kommunale einingane. Tidlegare var det lettare å samarbeide med desse, og ein kunne diskutere spørsmål der og då. No er det behov for å følgje meir formelle samarbeidsrutinar. Det er etablert planfaggrupper i alle kommunar kor landbrukskontoret er representert. Elles stiller ein representant frå landbrukskontoret på møter etter behov, der ein diskuterer felles saker. Ein hadde til hensikt å ha faste møter og faste folk frå landbrukskontoret som stiller på møta i kommunane, men det er ikkje alltid dette blir gjennomført som planlagt. Ordninga fungerer best i samband med kommuneplanprosessar. Elles var det i startfasen litt ulike rutinar i kommunane når det gjaldt kva for saker som skal leggjast fram til politisk behandling, og kva for vedtak som kan handsamast administrativt. Her har ein etter kvart fått på plass like rutinar. Dette blir òg sett som viktig av omsyn til brukarane, slik at ein brukar i ein av kommunane ikkje må vente lenger på svar enn ein brukar i ein annan kommune.

Ei anna organisering av landbrukskontoret, t.d. ved at ein hadde samarbeidd om einskildoppgåver og delt desse rundt på tre kommunale landbrukskontor, blir ikkje sett som ei god løysing. Det enkelte landbrukskontoret måtte då i tillegg fungere som ei førstelineteneste og kanalisere spørsmål og oppgåver vidare til dei andre kommunane. Dette blir oppfatta som komplisert administrativt, og uoversiktleg og tungvint for brukarane. Dei vil då måtte risikere å reise rundt på tre ulike landbrukskontor for å få den hjelpa dei treng. Samlokalisering blir difor sett som viktig for å kunne hente ut gevinstar på ein best muleg måte.

Når det gjeld lokalisering, erfarer ein òg at samlokaliseringa i landbrukets hus er veldig verdifull. I tillegg til det interkommunale landbrukskontoret er Telemark Bondelag, Bygdevis, Norsk Landbruksrådgivning Østafjells og Nortura lokalisert her. Sjølv om det ikkje er så mange faglege samarbeidsprosjekt mellom aktørane, blir samlokaliseringa likevel sett som fruktbar på mange måtar. At fleire landbruksaktørar er samla på ein stad gjer at ein fangar opp meir, og det blir lettare å halde seg oppdatert på det som skjer innan næringa. Det gjer òg at det vert lettare å vera forut på ein del område. Ein får betre oversikt over faglege nyvinningar og med tanke på kva som rører seg på den politiske sida. For brukarane er det òg eit pluss at ein har samla ulike landbruksaktørar på ein stad. For andre som skal vurdere å etablere felles landbrukskontor, blir det òg anbefalt å vurdere samlokalisering med andre landbruksfaglege miljø.

Ei anna utfordring knytt til etablering av interkommunale landbrukssamarbeid, er avstandane. For brukarane er desse utfordringane vorte mindre dei seinare åra fordi det er mykje som i dag

skjer elektronisk, og som ein ikkje treng reise til landbrukskontoret for å løyse. Landbrukskontoret i Midt-Telemark driv òg ei eiga heimeside der det blir lagt ut informasjon og ca. 50 nye artiklar kvart år.

Samstundes har rådgjevingsapparatet behov for å reise ut og besøke brukarane i visse samanhengar. Dersom ein t.d. skal drive med gardsutvikling, er det behov for å reise ut og ha tid til å diskutere og planlegge saman med brukaren. Dersom avstandane blir for store, kan reisetida bli ei belastning. I Midt-Telemark er reiseavstandane overkomelege, og landbrukskontoret har ei rimeleg sentral lokalisering. Det er likevel visse avstandar til dei gardbrukarane som ligg lengst unna, men ein har vore bevisst på å gi tenester til desse på ein minst like god måte som dei som ligg nærare.

3.2.4 Erfaringar frå tidlegare kartleggingar

I samband med ei utgreiing av muleg interkommunalt samarbeid om landbruk i Grenland som Telemarksforsking gjorde i 2004 (Brandtzæg & Lie 2004), vart det henta inn erfaringar frå nokre eksisterande samarbeid. Konkret vart det henta inn erfaringar frå Follo landbrukskontor, landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger, landbrukskontoret for Hurum og Røyken, landbrukskontoret for Lørenskog, Nittedal, Oslo, Rælingen og Skedsmo, landbrukskontoret for Hadeland og landbrukskontoret for Lillehammerregionen. Sjølv om dette no er ei relativt gamal utgreiing, synest mange av erfaringane framleis å vera aktuelle.

Alle desse samarbeida var ein form for kjøpsavtalesamarbeid, som liknar på dagens vertskommunesamarbeid etter kommunelovas § 28.

Den største utfordringa for dei felles landbrukskontora var at det var vanskelegare å halda kontakten og vera ein integrert del av dei andre verksemdene i kommunane. Dette var ei utfordring som syntest å auke med aukande tal på kommunar som deltok i eit samarbeid. For å kompensera for dette hadde dei fleste samarbeida etablert rutinar for å trekkja landbrukskontoret med i ein del fora der plan, areal- og næringsutvikling vart drøfta.

Ei anna utfordring når det gjaldt kommunikasjonen med kommunane, var at dei ulike landbrukskontora i liten grad hadde tilgjenge til sakshandsamingsystema til kommunane. Nokre av samarbeida hadde tilgjenge til datasystema til vertskommunen, men ikkje systema i dei andre samarbeidskommunane. Mangelfull datakommunikasjon gjorde at det vart tungvint å henta ut informasjon frå kommunane og driva sakshandsaming. Datakommunikasjonen mellom landbrukskontoret og kommunane måtte derfor baserast på e-post.

Delegeringa av oppgåver og mynde til landbrukskontora varierte mellom ulike samarbeid, men òg innan det enkelte samarbeid. For at landbrukskontoret skal kunna driva ein mest muleg heilskapleg og effektiv forvaltning, er det klårt at det er ein fordel om kommunane i størst muleg grad har lik delegering av oppgåver og mynde. Dersom oppgåver skal handsamast og bli presentert ulikt for kvar kommune, så blir det vanskeleg å utnytta stordriftsfordelane fullt ut.

Dei fleste av kontora hadde ikkje desentraliserte løysingar i form av avdelingskontor eller faste kontordagar i andre kommunar. Dette har samanheng med at avstandane var relativt moderate, og at tilgjengelegheita for brukarane var relativt god. Samarbeidet mellom Fusa, Os og Samnanger, der landbrukskontoret var lokalisert i Fusa, vart trekt fram som eit døme på eit samarbeid med faste kontordagar i dei to andre samarbeidskommunane. Her var røynslene med dette gode, men ein føresetnad som vart trekt fram for at slike løysingar skal kunna fungera effektivt, er at ein

har dataliner som gjev tilgjenge til fagsystem og arkiv ved hovudkontoret. Dette er eit samband som kan koma i tillegg til behovet som landbrukskontora har for tilgjenge til samarbeidskommunane sine egne fagsystem.

Felles landbrukskontor kan for ein god del brukarar innebera større reiseavstand til landbrukskontoret. I den grad dette er ei ulempe, kan dette som nemnt kompenseras med avdelingskontor eller faste kontordagar i nokre av kommunane. I tillegg er det døme på at delar av førstelinetenesta kan takast i vare gjennom kommunale servicekontor. I nokre av samarbeida som vart kartlagt i 2004, var det etablert slike løysingar, og nokre hadde planar for å få slike løysingar etablert. Konkret gjekk dette ut på at brukarane gjennom servicekontora skulle få tilgjenge på søknadsskjema, enkel rettleiing, kart og annan informasjon. I tillegg til at dette til ein viss grad letta tilgjengelegheita for brukarane, erfarte ein òg at slike løysingar kunne bidra til å avlaste fagpersonar på landbrukskontoret for oppgåver som ikkje krev spesialkunnskap. Det er likevel ein føresetnad at servicekontora har tilstrekkeleg bemanning for å ta seg av slike oppgåver, at dei tilsette får ei viss opplæring, og at dei har datatekniske løysingar som gjer at det er enkelt å skriva ut ulike typar kart og annan informasjon som brukarane etterspør. Samstundes er det viktig å vera merksam på at behovet for slike løysingar er mindre i dag. Det har skjedd ei stor datateknisk utvikling dei seinare åra, og gardbrukaren finn i aukande grad skjema og informasjon via eigen PC.

I samband med etableringa av samarbeida som er omtala i dette avsnittet, har det ikkje vore nokon omfattande lokaliseringsdebatt. Dette har m.a. samanheng med at nokre av kontora representerte ei vidareføring av felles kontor som allereie var etablert den gongen kontora var statlege. Dei nyare samarbeida har ein valt å lokalisera til kontoret til den kommunen der landbruket og landbruksforvaltinga har vore størst. Dette har òg falt saman med ønsket om best muleg tilgjenge for brukarane samla sett. Det er klart at lokaliseringsspørsmålet kan vera meir komplisert å avklara i samarbeid med fleire kommunar der avstandane er større, og der landbruket og landbruksforvaltinga har ulike tyngdepunkt i regionen.

3.2.5 Samla vurdering

Erfaringane med interkommunale samarbeid på landbruksområdet synest å vera relativt samanfalande. Effektane er positive når det gjeld å skape større, sterkare og meir attraktive og effektive fagmiljø, noko som gir betre forvaltning, betre tenester til brukarane og betre føresetnader for å drive meir utviklingsretta arbeid. Det er òg verdt å merke seg at ein i fleire av samarbeida har erfart positive effektar som ein ikkje hadde sett føre seg i utgangspunktet, spesielt ved at landbrukskontoret har fått auka tyngde og auka regional merksemd i ulike samanhengar. At ein får eit større miljø med meir ressursar og slagraft til å gjennomføre prosjekt og utvikingstiltak, bidreg til auka merksemd og erkjenning av det arbeidet som blir gjort. At andre kjem for å sjå og lære av det ein har fått til, og at ein blir ein meir attraktiv samarbeidspart, gjev òg inspirasjon til vidare arbeid.

Dei største ulempene, spesielt i tidleg fase, synest å vera å få til ei god samhandling med tilgrensande einingar i dei ulike samarbeidskommunane. Her er det viktig å prioritere og bruke tid på å få gode rutinar på plass. Det gjeld òg med tanke på saker som skal handsamast politisk i kommunane. Å få på plass ein felles landbruksplan så tidlig som muleg kan verka samlande for kommunane. Felles IKT-løysingar vil vera ein fordel for å kunne samarbeide effektivt med kommunane.

Dersom avstandane blir store, kan det og vera ei utfordring. For brukarane er denne utfordringa mindre i dag enn tidligare, fordi mange ting kan løyast gjennom telefon og nettbaserte løysingar. For tilsette på landbrukskontoret vil ein likevel måtte regne meir tid på reising i samband med

oppgåver som inneber behov for besøk til brukarane. Dette er ulemper som må vegast opp mot fordelane ved eit større og sterkare kontor. Ulempene kan reduserast ved å etablere faste kontordagar i samarbeidskommunane.

4. Landbruket i Vest-Telemark

4.1 Nøkkeltal og utviklingstrekk

Vest-Telemarkkommunane har rundt 8 prosent av folketalet i Telemark, medan arealet utgjer rundt 50 prosent. Av det samla produktive skogarealet og jordbruksarealet i drift i Telemark, utgjer delen for Vest-Telemark høvesvis 35 prosent og 24 prosent.¹

Av kommunane i Vest-Telemark er Vinje både størst i innbyggjartal og samla areal. Fyresdal er den kommunen som har mest skogareal, medan Vinje har mest jordbruksareal.

Tabell 1 Kjenneteikn og areal 2016. Kjelde: SSB

	Innbyggjartal 1.1.16	Totalt areal (km ²) ²	Produktivt skogareal (dekar)	Jordbruksareal i drift (dekar)
Seljord	2 991	715	220 516	12 369
Kviteseid	2 448	708	316 534	10 589
Nissedal	1 443	905	319 832	3 607
Fyresdal	1 323	1 280	364 863	6 894
Tokke	2 246	984	333 102	11 089
Vinje	3 727	3 106	270 030	13 931
Vest-Telemark	14 178	7 699	1 824 877	58 479
Telemark	172 494	15 296	5 216 594	244 356
Heile landet	5 213 985	323 781	70 296 092	9 837 005

Vest-Telemarkkommunane har 31 prosent av landbrukseigedomane, 25 prosent av jordbruksføretaka og 31 prosent av jordbruksføretaka med husdyr i fylket.³ Vinje har både flest landbrukseigedomar, jordbruksføretak og jordbruksføretak med husdyr i Vest-Telemark.

¹ Telemark har eit innbyggjartal tilsvarande 3,3 prosent av landet, medan samla areal utgjer rundt 4,7 prosent. Fylket har eit produktivt skogareal på 7,4 prosent av landet og eit jordbruksareal i drift på 2,5 prosent.

² Tal per 1.1.16.

³ Telemark har 4,5 prosent av landbrukseigedomane, 3,5 prosent av jordbruksføretaka og 2,9 prosent av jordbruksføretaka med husdyr i landet.

Tabell 2 Tal på landbrukseigedomar og jordbruksføretak 2015. Kjelde: SSB

	Landbrukseigedomar 2015 ⁴	Jordbruksføretak 2015 ⁵	Jordbruksføretak med husdyr 2015
Seljord	494	58	47
Kviteseid	459	69	39
Nissedal	262	26	20
Fyresdal	321	41	33
Tokke	444	70	52
Vinje	566	93	78
Vest-Telemark	2 546	357	269
Telemark	8 113	1 451	880
Heile landet	180 684	41 952	29 832

Tabellen under viser jordbruksføretak med husdyr fordelt på husdyrslag for kommunane i Vest-Telemark, fylket og landet.

Tabell 3 Jordbruksføretak med husdyr fordelt på husdyrslag. Prosent 2015. Kjelde SSB

	Seljord	Kviteseid	Nissedal	Fyresdal	Tokke	Vinje	Vest-Telemark	Telemark	Landet
Storfe i alt	50,0	46,2	26,3	22,2	36,0	30,6	36,0	37,6	47,4
Kyr i alt	45,8	41,0	26,3	19,4	26,0	27,8	31,4	32,7	43,1
Mjølkekyr	12,5	12,8	0,0	8,3	12,0	11,1	10,6	9,9	27,6
Ammekyr	33,3	28,2	26,3	13,9	14,0	16,7	21,2	22,2	16,4
Andre storfe	50,0	46,2	26,3	22,2	36,0	30,6	36,0	37,4	47,1
Sauer over 1 år	64,6	48,7	52,6	66,7	66,0	48,6	57,6	41,6	49,3
Mjølkegeiter	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	19,4	5,3	1,6	0,8
Avlssvin	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,1	3,1
Høner	10,4	7,7	0,0	19,4	12,0	4,2	9,1	7,7	6,4

Vest-Telemarkkommunane stod for rundt 25 prosent av samla skogavverking for sal i Telemark i 2015.⁶ Fyresdal tok ut mest av kommunane i Vest-Telemark i 2015.

⁴ Tal på landbrukseigedomar i 2015 er landbrukseigedomar i landbruksregisteret per desember 2015. Det omfattar alle landbrukseigedomar med minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal.

⁵ Tal på jordbruksføretak i 2015 omfattar søkarar av produksjonstilskott i jordbruket per 31.7.2015 og med tillegg for einingar som ikkje søker tilskott.

⁶ Telemark stod for rundt 6 prosent av samla skogavverking for sal i landet i 2015.

Tabell 4 Skogavverking for sal 2015. M³. Kjelde: SSB

	Skogavverking for sal 2015 ⁷
Seljord	9 943
Kviteseid	31 630
Nissedal	30 513
Fyresdal	39 412
Tokke	29 026
Vinje	12 087
Vest-Telemark	152 611
Telemark	604 043
Heile landet	10 112 726


Tabellen under syner mengd og del sysselsette i jordbruk og skogbruk i dei aktuelle kommunane ved utgangen av 2016. Vest-Telemarkskommunane har generelt ein høgare del sysselsette i jordbruk og skogbruk enn fylket og landet. Samla sett hadde Vest-Telemarkskommunane 4,7 prosent av dei sysselsette innan jordbruk og skogbruk. Fyresdal hadde høgast del i Vest-Telemark med 7,4 prosent. Kviteseid og Vinje hadde høgast del sysselsette innan jordbruk med 3,5 prosent, medan Fyresdal hadde høgast del sysselsette innan skogbruk med 4,2 prosent.

Tabell 5 Sysselsetjing registerbasert. Talet på personar per utgangen av 4. kvartal 2016. Kjelde: SSB

	Sysselsette personar (arbeidsstad)			Del av sysselsette totalt (arbeidsstad)		
	Jordbruk	Skogbruk	Totalt	Jordbruk	Skogbruk	Totalt
Seljord	44	20	64	2,9 %	1,3 %	4,2 %
Kviteseid	40	18	58	3,5 %	1,6 %	5,1 %
Nissedal	17	23	40	2,7 %	3,7 %	6,4 %
Fyresdal	17	22	39	3,2 %	4,2 %	7,4 %
Tokke	30	23	53	3,0 %	2,3 %	5,3 %
Vinje	62	21	83	3,5 %	1,2 %	4,7 %
Vest-Telemark	210	127	337	3,2 %	1,9 %	5,1 %
Telemark	1 028	461	1 489	1,4 %	0,6 %	2,0 %
Heile landet	37 359	6 105	43 464	1,4 %	0,2 %	1,7 %


Frå 2010 til 2016 er jordbruksarealet (i drift) i Vest-Telemark redusert med rundt 6 prosent. Til samanlikning er reduksjonen for fylket og landet høvesvis ca. 4 prosent og 2 prosent. I Vest-Telemark er det reduksjon for alle kommunar med unntak av Seljord. Utviklinga for Fyresdal er uendra frå 2010 til 2016. Vinje har hatt størst nedgang med rundt 17 prosent.

⁷ Kvantum rundvirke avverka for sal. Inneheld ikkje ved til brensel frå og med 2006




Figur 1 Jordbruksareal i drift 2010-2016. Utvikling indeksert 2010=100. Kjelde: SSB

Talet på søkarar som søkte om produksjonstilskott i Vest-Telemark er redusert med rundt 13 prosent i perioden 2010 til 2016. For Telemark og landet er talet på søkarar redusert med rundt 12 prosent. Alle kommunar i Vest-Telemark har hatt reduksjon i tal på søkarar med unntak av Fyresdal, som har hatt ein vekst på rundt 5 prosent. Seljord har hatt størst nedgang med rundt 20 prosent.



Figur 2 Tal på søkarar av jordbrukstilskott 2010-2016. Utvikling indeksert 2010=100. Kjelde: SSB

Diagrammet under syner tal på jordbruksføretak med dyr frå 2010-2015. For Vest-Telemark er talet på jordbruksføretak med dyr redusert med rundt 11 prosent frå 2010-2015. For Telemark og landet er reduksjonen høvesvis 7 prosent og 8 prosent i same periode. Alle kommunane i Vest-Telemark med unntak av Fyresdal har hatt nedgang frå 2010 til 2015.



Figur 3 Tal på jordbruksføretak med dyr. 2010-2015. Kjelde: SSB.

Når det gjeld tal på dyr, syner statistikken (2010-2015) at alle kommunane i Vest-Telemark har hatt nedgang i talet på storfe og sau, med unntak av Seljord og Fyresdal. Seljord har hatt auke både for storfe og sau, medan Fyresdal har hatt auke i talet på sau.

Tabellane under syner utvikling i tal på storfe og sau over 1 år frå 2010-2015. For Vest-Telemark har det vore ein nedgang på høvesvis 3 prosent og 5 prosent. For Telemark har det vore ein auke i talet på storfe på 2 prosent og ein nedgang i talet på sau på 6 prosent, medan det på landsbasis har vore nedgang i tal på storfe på 2 prosent og ein auke i tal på sau på 0,5 prosent.


Tabell 6 Tal på storfe. 2010-2015. Kjelde: SSB

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Seljord	978	850	885	947	926	1 025
Kviteseid	817	804	801	791	800	752
Nissedal	127	136	134	138	129	123
Fyresdal	354	324	354	346	324	336
Tokke	461	385	464	527	526	454
Vinje	691	689	672	696	652	627
Vest-Telemark	3 428	3 188	3 310	3 445	3 357	3 317
Telemark	12 536	12 263	12 534	12 783	12 403	12 834
Landet	861 586	851 386	855 339	848 412	834 794	847 995

Tabell 7 Tal på sau over 1 år. 2010-2015. Kjelde: SSB

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Seljord	1 855	1 788	1 762	1 809	1 816	1 971
Kviteseid	1 790	1 753	1 767	1 702	1 685	1 747
Nissedal	795	752	679	722	722	703
Fyresdal	1 000	916	1 043	1 185	1 282	1 377
Tokke	3 096	3 081	2 831	2 958	2 876	2 912
Vinje	3 335	3 077	2 905	2 729	2 590	2 538
Vest-Telemark	11 871	11 367	10 987	11 105	10 971	11 248
Telemark	21 819	21 135	20 416	20 509	20 169	20 431
Heile landet	909 666	90 8850	896 511	906 048	882 096	913 913

Skogavverking for sal er redusert med rundt 4 prosent for Vest-Telemark frå 2010 til 2015. For Telemark og landet har skogavverking for sal auka med høvesvis ca. 2 prosent og ca. 22 prosent i same periode. I Vest-Telemark har Nissedal, Fyresdal og Tokke hatt auke, medan Seljord, Kviteseid og Vinje har hatt nedgang.



Figur 4 Skogavverking for sal 2010-2015. M³. Utvikling indeksert 2010=100

4.2 Utgifter til landbruksforvaltning

I 2008 vart det innført ein eigen funksjon i KOSTRA for utgiftene til kommunane til landbruk. I følgje departementet er denne funksjonen er no godt innarbeidd, og i 2016 var netto driftsutgifter til landbruk ca. 530 mill. kr på landsbasis.

I følge KOSTRA hadde Vest-Telemark-kommunane netto driftsutgifter på F329 på rundt 5,3 mill. kr. I 2016⁸. Tabellen nedanfor viser netto driftsutgifter i 1000 kr på F329 frå 2010 til 2016. Diagrammet viser at det er store variasjonar i utgifter for enkeltkommunar frå år til år.

Tabell 8 Netto driftsutgifter til landbruk (F329) i 1000 kr. 2010-2016 Kjelde: KOSTRA

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Seljord	968	1 006	1 072	1 295	1 229	1 132	590
Kviteseid	1 124	1 041	976	809	907	1 116	1 077
Nissedal	507	532	560	0	508	683	632
Fyresdal	1 138	1 012	1 137	1 012	1 291	1 012	1 073
Tokke	741	1 169	854	891	1 271	2 005	864
Vinje	3 676	3 153	3 015	3 237	2 651	2 870	1 065
Vest-Telemark	8 154	7 913	7 614	7 244	7 857	8 818	5 301
Heile landet	400 542	435 035	470 331	483 346	520 535	510 733	529 881

Vi har fått tilbakemelding frå kommunane om at det kan vere noko usikkerheit med omsyn til KOSTRA-føring og bruk av funksjonskonto.⁹ Dette er òg ein konklusjon frå Vista Analyse (2013) som gjennomførte ei analyse av utgiftsbehovet i kommunal landbruksforvaltning. Dei viser til at mange kommunar har organisert landbruksforvaltninga på ein måte som inneber at dei tilsette i forvaltninga òg løyser andre administrative oppgåver. Vidare er det mange kommunar som har organisert tenesteproduksjonen slik at landbruksansvarlege/-kontoret òg løyser natur og friluftsliv oppgåver. Fleire landbrukskontor har t.d. ansvar for vilt- og fiskeforvaltning. Det gjeld òg kontora i Vest-Telemark. Dette tyder at grensa mellom landbruksforvaltning og forvaltning av natur og friluftsliv kan opplevast som uklar.

Stillingsressursane på landbrukskontoret rapportert til oss av den einskilde kommune (jf. Tabell 9). Desse stillingsressursane er meir stabile over tid gir eit betre bilete på faktisk ressursbruk ved landbrukskontora. Totalt har kommunane rapportert 9,3 årsverk ved landbrukskontora i dag.¹⁰

⁸ Netto driftsutgifter (= driftsutgifter - driftsinntekter) viser korleis kommunen prioriterer dei frie midlane. Prioriteringsindikatoren skal dermed seie noko om kor mykje av eigne pengar kommunen «vel» å bruka til det aktuelle området.

⁹ Vi ser spesielt at Seljord har ført ein høg del utgifter ført på funksjon 360 i 2016 samanlikna med dei andre kommunane. Ifølge KOSTRA-rettleiaren for 2016 er KOSTRA-funksjon 360 mellom anna knytt til koordinering av miljøvernarbeidet i kommunen, utarbeiding av miljø- og naturressursprogrammer, samt fisk- og viltforvaltning.

¹⁰ KOSTRA-tala viser at stillingsoversikten harmonerer med lønnsutgiftene rapportert inn på F329, med unntak av Seljord. Totalt har Vest-Telemarkkommunane rapportert inn 5,9 mill. kr i lønnsutgifter på F329 i 2016 (6,5 mill. i 2015).

Tabell 9 Anslag stillingsressurser på landbrukskontoret. Kjelde. Kommunane.

	Anslag stillingsprosent					Stillingsprosent totalt	Tal på stillingar totalt
	Jord	Skog	Utmarksforvaltning (vilt og fisk og motorf. i utm.)*	Landbruksrelatert miljø- og klimaarbeid	Drift av kommunale jordbruks- og skogei- gedomar		
Vinje	100	50	25		25	200	2
Tokke	40	30	20	5	5	100	1
Fyresdal	90	60	30		10	190	2
Kviteseid/ Nissedal	100	100	20	40		260	3
Seljord	40	40	50	50		180	2
Sum						930	10

*Stillingsprosent knytt til motorferdsel i utmark er stipulert til 10 prosent i Fyresdal, Tokke og Vinje og 20 prosent i Kviteseid/Nissedal og 20 prosent i Seljord.

4.3 Økonomiske rammer

Gjennom inntektssystemet blir ein stor del av kommunane sine økonomiske rammeføresetnader gjeve. Innanfor utgiftsutjamninga i inntektssystemet blir rammetilskottet til den enkelte kommune justert ut frå eit sett med objektive kriterium for å ta omsyn til skilnader i behovet for kommunale tenester.

Kommunane i Vest-Telemark har generelt noko betre økonomiske rammeføresetnader enn landsgjennomsnittet. Korrigerte, frie inntekter viser nivået på dei frie inntektene justert for variasjon i utgiftsbehov. Indikatoren viser dermed inntekts- og utgiftssida samla. Alle kommunane i Vest-Telemark, med unntak av Kviteseid, hadde eit nivå på korrigerte frie inntekter som låg over landsgjennomsnittet i 2015. Kviteseid hadde eit nivå på korrigerte frie inntekter lik landsgjennomsnittet. Tokke og Vinje hadde høgast inntektsnivå med høvesvis 47 og 46 prosent over landsgjennomsnittet.

Tabell 10 Frie inntekter i 2015 korrigert for variasjonar i utgiftsbehov. Tabellen syner pst. av landsgjennomsnittet av inntekt per innbyggjar. Landsgjennomsnittet = 100. Kjelde: Kommuneproposisjonen 2017.

	Korrigerte frie inntekter (inkl. e-skatt og konsejnskraftinnt.) 2015
Seljord	108
Kviteseid	100
Nissedal	114
Fyresdal	129
Tokke	147
Vinje	146
Telemark	102
Heile landet	100

Dei øyremerkta tilskotta til kommunal landbruksforvaltning og kommunale miljøvernleiarar vart innlemma i inntektssystemet i 1997. Totalt vart rundt 350 mill. kr innlemma i rammetilskottet i 1997. Landbrukskriteriet var t.o.m. 2016 samansett av fire delkriterier: Tal på landbrukseigedomar, totalt areal i kommunen, tal på driftseiningar og dyrka areal. I samband med nytt inntektssystem f.o.m. 2017 er landbrukskriteriet sett saman av følgjande (del)kriterium: Tal på jordbruksføretak i kommunen (67,9 pst.), tal på landbrukseigedomar i kommunen (27,6 pst.) og arealet til kommunen (4,5 pst.). Totalt i år blir om lag 550 mill. kr i «landbruksmidlar» omfordelt over inntektssystemet.

Det er til dels store variasjonar mellom kommunane i berekna behov på landbrukskriteriet, noko som syner at for enkelte kommunar tyder landbrukskriteriet forholdsvis mykje. Tabellen under viser berekna utgiftsbehov på landbruk for kommunane i Vest-Telemark frå 2015 til 2017. I 2017 får Fyresdal berekna høgast behov med ein indeks på 5,2720, medan Seljord får berekna lågast behov med ein indeks på 3,1638. Dette svarar til eit berekna behov for Fyresdal og Seljord på høvesvis 427 prosent og 216 prosent over landsgjennomsnittet.

Tabell 11 Berekna utgiftsbehov på landbrukskriteriet. Indeks. 2015-2017. Kjelde: KMD

	2015	2016	2017
Seljord	3,3948	3,4135	3,1638
Kviteseid	3,9547	3,9821	4,1140
Nissedal	3,8593	3,9555	3,3847
Fyresdal	5,8840	5,9104	5,2720
Tokke	4,4617	4,4691	4,5125
Vinje	4,2795	4,3311	3,9465
Heile landet	1,0000	1,0000	1,0000

Tabellen under viser berekna utgiftsbehov på landbruk i 1000 kr frå 2015 til 2017. I 2016 er det for Vest-Telemarkkommunane samla sett berekna eit utgiftsbehov tilsvarende 8,3 mill. kr, noko ser ut til å harmonere med utgiftsnivået dei seinare åra. Som tabellen syner, blir utgiftsbehovet for Vest-Telemark-kommunane samla sett redusert med rundt 2,4 mill. kr frå 2016 til 2017. Dette

har å gjera med at landbrukskriteriet er endra i nytt inntektssystem frå 2017, samt at kriteriet er vekta ned frå 0,29 prosent i 2016 til 0,21 prosent i 2017.¹¹

Tabell 12 Berekna utgiftsbehov landbruk 1000 kr 2015-2017. Kjelde: KMD

	2015	2016	2017
Seljord	1 411	1 425	980
Kviteseid	1 374	1 370	1 048
Nissedal	783	793	518
Fyresdal	1 065	1 089	728
Tokke	1 397	1 409	1 065
Vinje	2 218	2 227	1 531
Sum Vest-Telemark	8 248	8 313	5 870

Ein fordelingsnøkkel for landbruk basert på landbrukskriteriet ville ha sett slik ut for Vest-Telemarkkommunane i 2017:

Tabell 13 Fordelingsnøkkel basert på landbrukskriteriet 2017. Kilde: SSB/KMD

	Del innbyggjarer, 1.7.16	Del UB landbruk, 2017
Seljord	20,9 %	16,7 %
Kviteseid	17,2 %	17,9 %
Nissedal	10,3 %	8,8 %
Fyresdal	9,3 %	12,4 %
Tokke	16,0 %	18,1 %
Vinje	26,2 %	26,1 %

Kviteseid, Fyresdal og Tokke har eit høgare berekna utgiftsbehov på landbruk enn gjennomsnittet for Vest-Telemark, og vil slik sett få ein høgare del enn det innbyggjartalet skulle tilseie. Tilsvarende vil delen for Seljord, Nissedal og Vinje reduserast på bakgrunn av eit lågare berekna utgiftsbehov på landbruk enn gjennomsnittet for Vest-Telemark.

Kommunane spelar og ei nøkkelrolle i arbeidet med å nå nasjonale miljømål. Kommunane sine miljøoppgåver famnar vidt. Blant anna har kommunane ansvar innanfor klima, naturmangfald, miljøvern og forureining. Karakteristisk for miljøoppgåvene er at dei grip inn i og er ein integrert del av fleire av ansvarsområda til kommunane.

I utgiftsutjamninga i inntektssystemet er miljøvern ein del av administrasjonsnøkkelen, der det blir teke utgangspunkt i utgifter til funksjonane 100–130 og 180 i KOSTRA. Miljøverndelen utgjer ein

¹¹ Utgiftsbehovet på landbruk i 2016 og 2017 er berekna til høvesvis 724 mill. kr og 547 mill. kr. Kostnadsnøkkelen/utgiftsbehovet for 2017 er basert på rekneskapsdata (KOSTRA-tal) for 2015. Utgiftene er deretter framskrivne med veksten i dei frie inntektene i perioden 2015-2017.

forholdsvis liten del av kostnadsnøkkelen, det vil seie om lag 200 mill. kr. Beløpet blir fordelt etter del innbyggjarar og basiskriteriet.¹²

Tabellen under viser utgiftsbehovet på administrasjon og miljø for kommunane i Vest-Telemark frå 2015 til 2017.¹³ I 2017 får Fyresdal berekna høgast behov på administrasjon og miljø med ein indeks på 2,1180, medan Vinje får berekna lågast behov med ein indeks på 1,3631.

Tabell 14 Berekna utgiftsbehov administrasjon og miljø 2015-2017. Kjelde: KMD

	2015	2016	2017
Seljord	1,4291	1,4324	1,4291
Kviteseid	1,5392	1,5515	1,5392
Nissedal	1,9389	1,9632	1,9389
Fyresdal	2,1180	2,1107	2,1180
Tokke	1,6170	1,6191	1,6170
Vinje	1,3631	1,3715	1,3631
Heile landet	1,0000	1,0000	1,0000

Tabellen under viser berekna utgiftsbehov på miljø i 1000 kr frå 2015 til 2017. Samla sett får Vest-Telemark-kommunane berekna eit utgiftsbehov til miljø på rundt 0,9 mill. kr i 2017.¹⁴

Tabell 15 Berekna utgiftsbehov miljø. 1000 kr. 2015-2017. Kjelde: KMD

	2015	2016	2017
Seljord	149	173	160
Kviteseid	134	154	142
Nissedal	99	114	114
Fyresdal	96	113	108
Tokke	127	148	142
Vinje	177	204	197
Sum Vest-Telemark	783	906	864

Som nemnt tek delkostnadsnøkkelen for administrasjon og miljø utgangspunkt i KOSTRA-funksjonane 100-130 og 180. Slik sett er det vanskeleg å visa utgifter for miljø isolert sett.¹⁵

Ein fordelingsnøkkel for miljø basert på utgiftsbehovet på administrasjon og miljø, ville ha sett slik ut for Vest-Telemark-kommunane i 2017:

¹² Delkostnadsnøkkelen for administrasjon og miljø består f.o.m. 2017 av tal på innbyggjarar (88,3 pst) og basiskriteriet (11,7 pst).

¹³ Landbrukskriteriet var inkludert i delkostnadsnøkkelen for administrasjon og miljø t.o.m. 2016 med ei vekt på 3,1 pst. F.o.m. 2017 er landbrukskriteriet skilt ut som ein eigen delkostnadsnøkkel.

¹⁴ Tilsvarande eit samla berekna utgiftsbehov til miljø på ca. 215 mill. kr i 2017. Det vil seia ei framskriving av 180 mill. kr (oppgått i kommuneproposisjonen for 2011) med den kommunale deflatoren frå 2012 til 2017.

¹⁵ Samla sett hadde Vest-Telemarkkommunane netto driftsutgifter til administrasjon og styring på rundt 125 mill. kr i 2015.

Tabell 16 Fordelingsnøkkel basert på utgiftsbehov administrasjon og miljø 2017: Kjelde: KMD/SSB

	Del innbyggjarar, 1.7.16	Del UB administrasjon og miljø, 2017
Seljord	20,9 %	18,5 %
Kviteseid	17,2 %	16,5 %
Nissedal	10,3 %	13,2 %
Fyresdal	9,3 %	12,6 %
Tokke	16,0 %	16,5 %
Vinje	26,2 %	22,9 %

Oppsummert kan vi seia at kommunane i Vest-Telemark gjennom inntektssystemet får berekna eit høgare utgiftsbehov på landbruk enn landsgjennomsnittet. Utgiftsbehovet tek utgangspunkt i tal på jordbruksføretak, tal på landbrukseigedomar og totalt areal.

Vi har fått tilbakemelding frå kommunane om at det kan vere noko usikkerheit med omsyn til KOSTRA-føring og bruk av funksjonskonto. Dette er òg ein konklusjon frå Vista Analyse (2013) som gjennomførte ei analyse av utgiftsbehovet i kommunal landbruksforvaltning. Totalt har kommunane rapportert 9,3 årsverk ved landbrukskontora i dag. Desse er meir stabile over tid gir eit betre bilde på faktisk ressursbruk ved det einskilde landbrukskontor enn det som går fram av KOSTRA-tala.

Samla sett er inntrykket at kommunane i Vest-Telemark nyttar meir ressursar på landbruk enn gjennomsnittskommunen i Noreg, men kommunane har òg større berekna utgiftsbehov ut frå landbrukskriteriet i det kommunale inntektssystemet. Det ser ikkje ut til at kommunane i Vest-Telemark har spesielt høge utgifter knytt til landbruk ut frå det berekna utgiftsbehovet.

Landbrukskriteriet er endra og vekta ned i nytt inntektssystem med verknad frå 2017. Nedvektinga inneber at det samla berekna behovet på landbruk er redusert frå 2016 til 2017, og det er går såleis mindre pengar til landbruk gjennom inntektssystemet framover. Dette gjeld naturlegvis også for Vest-Telemark-kommunane.

4.4 Organisering og bemanning av landbrukskontora

4.4.1 Fyresdal

Landbruk er i Fyresdal organisatorisk plassert under Plan og teknikk. Fyresdal har ei 100 prosent stilling som skogbrukssjef og ei 90 prosent stilling som landbruksrådgjevar. Stillinga som landbruksrådgjevar er i utgangspunktet 100 prosent (men vedkomande har dag 10 prosent permisjon). Det er planar om at ei 20 prosent stilling som sekretær for ungdomsrådet skal inngå i denne stillinga. Fyresdal har for tida ansvar for landbruksforvaltninga i Tokke.

4.4.2 Tokke

Landbruk ligg i Tokke kommune under Plan og næring. Tokke har ei 100 prosent stilling som landbrukssjef med ansvar for både jord, skog og utmarksforvaltning, miljø og drift av kommunale

jord- og skogbrukeigedomar. Tokke er i skrivande stund utan landbrukssjef fordi den som hadde stillinga, pensjonerte seg før jul. Tokke har tilsett ein ny ansvarleg for landbruk i kommunen. Den nytilsette skal starte i 50 prosent stilling i vår, og auke til 100 prosent frå hausten av.

4.4.3 Seljord kommune

Landbruk i Seljord kommune ligg under Plan, utvikling og tekniske tenester. Seljord kommune har ei 80 prosent stilling som land- og skogbruksrådgjevar. I tillegg har kommunen ei 100 prosent stilling som natur- og miljøvernrådgjevar som har ansvar for utmarksforvaltning, friluftsliv, jakt og motorferdsel i utmark. Disse oppgåvene er i dei andre kommunane lagt til landbruk. Vedkommande har tidlegare vore tilsett ved landbrukskontoret i Kviteseid, har jordbruksfagleg kompetanse og arbeider med jordbruksfaglege oppgåver ved behov.

4.4.4 Kviteseid og Nissedal

Kviteseid og Nissedal er dei einaste kommunane i Vest-Telemark som har felles landbrukskontor. Kviteseid er vertskommune for landbruksamarbeidet, og kontoret tilhøyrer kommunalområdet teknisk, landbruk og næring. Kontoret har 2,6 stillingar. Det er ei 100 prosent stilling på jord, ei 100 stilling på skog og ei 60 prosent stilling med ansvar for utmark og miljø.

4.4.5 Vinje

Landbruk er i Vinje lagt under eining for næring. Landbrukskontoret har ei 100 stilling på jord og ei 100 stilling som landbruksretteleiar med ansvar for skog, vilt og utmarksforvaltning samt kommunens utmarkseigedomar.

4.4.6 Fagmiljø

Som vi har sett tidlegare (jf. Tabell 9), har landbrukskontra samla sett 9,3 årsverk delt på 10 stillingar. Det felles landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal er det største kontoret med 2,6 årsverk. Tokke har lågast bemanning med berre eitt årsverk. I gjennomsnitt har dei seks kommunane i Vest-Telemark 1,7 årsverk knytt til landbruksforvaltning. I dei fleste kommunane er miljø og utmarksforvaltning lagt til landbruk. Unntaket her er Seljord som har eigen miljøvernkonsulent med ansvar for desse oppgåvene, men Seljord sine stillingsressursar knytt til desse oppgåvene er teke med i berekningane.

Fagmiljøa i alle kommunane i Vest-Telemark må karakteriserast som små og sårbare. Det tydelegaste døme på det finn vi akkurat no i Tokke. Her gjekk vedkommande som hadde ansvar for landbruksforvaltninga i Tokke, av med pensjon før jul, og kommunen har i ein periode vore utan stillingsressurs på landbruksforvaltninga. I denne perioden har Fyresdal vore leigd inn til å ta naudsynte oppgåver på landbrukssida. Det er tilsett ein ny landbruksansvarleg i Tokke som har 50 prosent stilling fram mot sommaren og 100 prosent stilling frå hausten av. Situasjonen er omtrent like sårbar i dei andre kommunane, og det er stort sett berre ei stilling på jord og ei på skog. Dersom ein av dei tilsette sluttar, forsvinn det meste av kompetansen på området, og alt må byggjast opp på nytt. Det er ingen til å dekke opp i samband med sjukdom eller ferieavvikling.

Sjølv om fagmiljøa på landbruk er små i kommunane, blir det i samband med intervju peika på at dei tilsette likevel er ein del av eit fagmiljø med samarbeid på tvers med andre fagområde, i fyrste rekkje plan og næring. Samarbeidspartnarane på dei andre områda set også pris på å ha landbruksforvaltninga som ein del av eit tverrfagleg miljø. Fagmiljøa på dei andre områda er heller ikkje store, og fleire fryktar slik sett at dersom landbruk blir trekt ut, vil det gå ut over det fagmiljøet som blir sittande att.

4.5 Oppgåvehandtering og samarbeidsbehov

Dersom ein skal etablere interkommunale samarbeidsløysingar på landbrukssida, vil eit grunnleggjande spørsmål vera om oppgåvene som den kommunale landbruksforvaltninga har ansvar for, kan handterast på ein betre måte gjennom samarbeid eller ikkje. Det er derfor nyttig å ha ei oversikt over dei viktigaste oppgåvene. I samband med ein analyse av kostnadsbehovet i kommunal landbruksforvaltning (Vista Analyse 2013), blir følgjande oppgåver trekt fram som sentrale:

- Saksarbeid og rettleiing etter jordlov, konsesjonslov, skogbrukslov, odelslov, forpaktingslov og andre landbruksrelaterte lovar
- Forvaltning og kontroll av dei økonomiske verkemidla i landbruket, m.a. produksjonstilskott, miljøverkemiddel, skogfond, nærings- og miljøtiltakstilskott i skogbruket, velferds- og erstatningsordningar mv.
- Arbeid knytt til landbruk og jordvern i saker etter plan- og bygningslova
- Saksarbeid og rettleiing knytt til landbruksrelatert miljø- og klimaarbeid
- Førstelineteneste for næringsutvikling knytt til investeringar i tradisjonelt landbruk og bygdenæringar (til dømes småskala matproduksjon, grønt reiseliv, bioenergi, Inn på tunet og annan landbruksbasert tenesteproduksjon)
- Plan-, utviklings- og tilretteleggingsarbeid for landbruk og landbruksbasert næringsverksemd, m.a. jord- og skogbruk og økologisk landbruk, og dessutan bygdenæringar
- Arbeid knytt til sikring av eit tilfredsstillande tilgjenge på tenester frå dyrehelsepersonell, m.a. klinisk veterinærvakt. Godtgjering av veterinærvakt.
- Administrasjon av landbruksforvaltning (personalansvar, rapportering, post/arkiv mv.)

Som det går fram av oversikta ovanfor, inneber kommunal landbruksforvaltning handtering av eit breitt spekter av oppgåver. Når dette arbeidet er delt på ein til to stillingar rundt i kommunane, seier det seg sjølv at det ikkje er muleg å ha like god kompetanse og erfaring på alt, og at nokre område vil måtte bli prioritert sterkare enn andre. I avsnitta nedanfor vil vi sjå nærare på oppgåvehandtering og samarbeidsbehov i dei ulike kommunane.

4.5.1 Fyresdal

Gjennom dei to stillingane ein har i Fyresdal i dag, nyttar ein også noko tid til å drive utviklingsretta arbeid. Dette inneber ein del aktiveter, oppgåver og prosjekt som går ut over det reint lovpålagde. Det blir gjeve uttrykk for at det generelt sett er lite fagressursar att i landbruket, og at landbrukskontoret er ein viktig fagressurs for landbrukarane når det gjeld rettleiing og rådgjeving i ulike samanhengar. I Fyresdal har til dømes landbrukskontoret vore ein viktig motivator og pådriver for investeringar i driftsbygningar i landbruket med stønad frå Innovasjon Noreg.

Landbrukskontoret i Fyresdal har skogbruksfagleg kompetanse, noko som er ein føremon for å hjelpe til med å halde aktiviteten oppe. Fyresdal har og utløynt ein god del skogmidlar samanlikna

med andre kommunar. Aktiv oppfølging av brukarane frå landbrukskontoret si side blir av organisasjonane i landbruket sett på som eit viktig arbeid. Det har bidrege til positive haldningar og optimisme i næringa, som smittar rundt i miljøet. Dette blir av nokre av organisasjonane peika på som ein viktig motivasjon for å halde fram. Organisasjonane syner til at for bøndene er det viktig med eit aktivt og levande landbruksmiljø rundt seg. For Fyresdal er landbruk relativt sett ei viktig næring samanlikna med mange andre kommunar, og utviklinga i landbruket har såleis stor innverknad på mulegheitene for å oppretthalde arbeidsplassar og busetjing. I Fyresdal er det mange deltidbønder, og det har vore arbeidd for å gjere det attraktivt å vera deltidbonde i Fyresdal. Landbrukskontoret har slik sett ei viktig rolle med tanke på å ta i vare kommunen sin rolle som samfunnsutviklar. Det blir sett som viktig at kommunen er aktiv for å få i gang prosjekt og løyse ut pengar som kan kome næringa til gode.

Stillingane på landbruk i Fyresdal er under press med tanke på at det er eit ynskje frå leiinga å gje landbruk ansvar for andre oppgåver. Fyresdal bruker i dag noko meir pengar på landbruk samanlikna med dei andre Vest-Telemarkkommunane. Dersom stillingsressursane blir redusert til stort sett å fokusere på dei reint lovpålagde oppgåvene, er det frykt for at det vil gå ut over innovativt arbeid, brukarkontakt og kvalitet på tenestene. Ei «utvatning» av stillingane kan òg gå ut over yrkes- og fagkompetansen ein har på området i dag. Mulegheitene for å halde på yrkes- og fagkompetansen kan slik sett vera ein motivasjon for samarbeid om landbruk på tvers av kommunegrensene.

I og med at ein har berre to stillingar, er det område som det blir sakna kompetanse på. Det gjeld mellom anna formell kompetanse på handtering av lovsaker. Dette kan vera vanskelege og tidkrevjande saker, og det er lite juridisk kompetanse ute i kommunane. Dersom ein kan styrke den juridiske kompetansen på lovsaker gjennom eit samarbeid, ville det vore ein fordel. Gjennom eit samarbeid ser ein og at det kan vera muleg å fordjupe seg noko meir og styrke kompetansen. Ved at ein i større grad kan fordele oppgåver på ulike fagpersonar etter kompetanse og personlege interesser, t.d. oppgåver knytt til lovsaker, skog, tilskotsordingar og utviklingsoppgåver, kan dette gi betre og meir effektive tenester. At ein får fleire å diskutere med – fleire sparringspartnarar – blir sett som ein fordel.

Kontrolloppgåvene blir opplevd som vanskelege fordi alle kjenner alle. Det blir sett som ein fordel å få større miljø for å få fleire å spele på, og unngå kontrollar hos folk ein kjenner godt.

4.5.2 Tokke

Tokke har ei stilling på landbruk. På intervju tidspunktet var det ingen i stillinga. Stillinga hadde stått tom sidan vedkomande som hadde stillinga, gjekk av med pensjon før jul. Det er tilsett ein ny landbruksansvarleg som skulle starte i stillinga 6. mars. Vedkomande skal arbeide i 50 prosent fram mot sommaren og gå over i full stilling frå hausten av. For tida kjøper Tokke tenester frå Fyresdal på timebasis for å få gjennomført naudsynte oppgåver.

Tokke hadde tidlegare to stillingar på landbruk – ei på jord og ei på skog. Då den som hadde stillinga på jord slutta, vart det kutta ei stilling, og oppgåvene på jord vart ført over til stillinga som hadde ansvar for skog. Mange oppgåver er såleis lagt til den eine stillinga, som då omfattar både jord, skog, vilt og utmarksforvaltning. Det har vore noko støtte frå plan og teknisk til å halde ved like kartdatabaser og slike ting. Tilbakemeldingane er at det ligg for mykje oppgåver til stillinga i dag, og det er behov for å finne andre som kan avlaste med ein del oppgåver. For Tokke sin del vil det ikkje vere snakk om å gå inn i eit samarbeid for å effektivisere gjennom å ta ut stillingsressursar, men for å styrke arbeidet med landbruksforvaltning og landbruksrelatert næringsutvikling.

Slik situasjonen er i dag, er det ikkje mulegheiter for noko fagleg spesialisering, og det er ikkje kapasitet til å halde tritt med forvaltningsoppgåvene og gå inn i utviklingsarbeid. Det blir gjeve uttrykk for at det er behov for meir ressursar for å kunne gå inn i ulike prosjekt og skape ein positiv blest i og rundt næringa. Aktiviteten blir oppfatta som låg på ein del område, t.d. knytt til skog, og det kunne vore satsa meir på det området. Det er eit ønske om å ha nokon som kan vera med og motivere og leggje til rette for ny aktivitet. I følgje kommunen har Fylkesmannen vore bekymra for at Tokke bruker lite ressursar på landbruksforvaltning.

Frå organisasjonane blir det peika på at det var betre oppfølging frå landbrukskontoret tidlegare, og at det er eit problem når folk sluttar i små kommunar. Då forsvinn all kunnskapen. Det blir synt til at det er lite skogfagleg kompetanse i mange av kommunane i Vest-Telemark, og at det stort sett berre er Fyresdal som har skogfagleg kompetanse. I dei andre kommunane har dei skogansvarlege stort sett anna bakgrunn. Det er varierende aktivitet i skogbruket, og det er dessutan behov for å arbeide for betre avsetning av biovirke.

Skogeigarane har behov for råd og rettleiing frå kommunen. Dette går mellom anna ut på kva slags planar det behov for, og kva slags strategiar ein skal ha for uttak, investering, bygging av skogsbilvegar osv. Det vart tidlegare gjort forsøk med ei ordning der flinke skogeigarar i Tokke, Vinje og delar av Kviteseid skulle gi rettleiing til andre skogeigarar i sine område, men erfaringa var at dette fungerte dårlig. Dersom samarbeid kan føre til at ein får eit sterkare skogfagleg miljø, blir dette sett som positivt. Kommunane vil få betre og meir like føresetnader for å utvikle seg vidare. Det blir også synt til at dette kan vera positivt for samarbeidet mellom kommunane og AT Skog.

Frå administrativ side i kommunen ser ein at samarbeid vil vera ein fordel for å få eit sterkare og mindre sårbart fagmiljø. Det er òg ei forståing av at dersom samarbeid skal ha nokon effekt, må ein samle dei tilsette i eit fagmiljø slik at dei får nokon å diskutere med, og at dei kan dra vekslar på kvarandre.

Samstundes blir det peika på at mange forvaltningsoppgåver går via landbruk, slik som plan-, delings- og nærings saker. Slik sett er landbruk ein del av den heilskaplege forvaltninga i kommunen som det kan vera uheldig å trekkje ut. Fagmiljøet som sitt att, kan bli svekka. Samstundes blir det peika på at det kan vera muleg å få til løysingar som minskar desse ulempene, t.d. felles kontor i kombinasjon med kontordagar i kommunane og samhandling gjennom digitale løysingar.

4.5.3 Seljord

I Seljord føler ein seg godt rusta med den bemanninga ein har i dag. Sjølv om ein berre har ei stilling som skog- og landbruksrådgjevar, har ein spreidd ein del oppgåver som i andre kommunar ligg til landbruk, på andre medarbeidarar. Dette gjeld mellom anna oppgåver knytt til miljø og utmarksforvaltning, som er lagt til miljøvernrådgjevaren. Miljøvernrådgjevaren har òg landbruksfagleg kompetanse og erfaring som jordbrukssjef i Kviteseid. Miljøvernrådgjevaren har tett samarbeid opp mot landbruk og arbeider med ein del landbruksoppgåver ved behov. Dette omfattar arbeid med ein del tilskotsordningar, t.d. produksjonstilskot, SMIL og MSK. Miljøvernrådgjevaren kan òg ta ein del kontrolloppgåver dersom det er problem med inhabilitet. Vidare har kommunalsjefen ansvar for nokre av konsesjonssakene. Frå teknisk låner ein både utstyr og kompetanse til oppmålingsarbeid. Vidare er det tett samarbeid mellom landbruk og det andre næringsarbeidet i kommunen. I og med at ein har fordelt oppgåver på fleire medarbeidarar, og har eit tett samarbeid mellom tilgrensande fagområde, er tilbakemeldingane her at ein maktar å handtere oppgåvene på ein god måte.

Det blir slik sett opplevd som uheldig å isolere landbruk frå dei tilgrensande tenestoområda, og interkommunalt samarbeid om landbruk blir ikkje sett på som noko godt alternativ til kommunesamanslåing. Ein erfarer at det tette samarbeidet mellom dei ulike fagområda innan kommunen bidreg til kreativitet og evne til å tenkje nytt, og at det er viktig å sjå landbruk og annan næring saman. Måten ein har organisert seg på, gjer at landbruksforvaltninga ikkje blir sittande åleine, men er ein del av eit miljø som ein kan diskutere med.

Landbruk blir vidare sett som ein viktig del av kommunens heilskaplege nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Kommunen er vertskap for store festivalar og arrangement. Dyrskun, som er ei stor landbruksmesse med eit breitt spekter av utstillingar knytt til både tradisjonelt og moderne jord-, skogbruk og bygdeliv, fungerer òg som motivator og drivkraft for nytenking og utvikling. Det blir arbeidd med landbruksretta utviklingsarbeid som bidreg til å løyse ut midlar til investeringar i landbruket frå Innovasjon Noreg. Det blir i samband med dette vist til at fleire bønder har gjort investeringar for å vera med på utviklinga innan landbruket, t.d. er det gjort investeringar i fleire stordriftsfjøs og ammedyrfjøs.

I og med at landbruk er ein del av eit integrert kontorfellesskap med heilskapleg fokus på samfunnsutvikling, er det frå administrasjonen si side ikkje ynskeleg med eit interkommunalt samarbeid der landbruk blir trekt ut av dette fellesskapet. Det blir gjeve uttrykk for at kommunen har gode og effektive rutinar knytt til sakshandsaming og journalføring, og ein har fått gode tilbagemeldingar gjennom forvaltingskontrollar utført av Fylkesmannen. Saman med dei andre Vest-Telemarkskommunane blir det sett som mest tenleg med nettverksamarbeid, t.d. knytt til utviklingsarbeid, og at kommunane set av ressursar til å koordinere eit slik felles samarbeid.

Frå organisasjonane blir det gjeve uttrykk for at det er bra å ha eit landbrukskontor i kommunen, at kontoret ligg i nærleiken til gardbrukarane, og at dei som jobbar der, kjenner områda og gardane. Det blir då lettare å sette seg inn i søknader, t.d. knytt til beite og inngjerding. Deira inntrykk er òg at det blir samarbeidd godt mot teknisk når det gjeld byggesaker. Samstundes er tilbagemeldingane at bøndene ikkje treng like mykje hjelp får landbrukskontoret som før, og at ein i staden nyttar landbruksrådgjevinga. Vidare blir det understreka at dersom det skal vera noko poeng i å etablere eit interkommunalt samarbeid om landbruk for å auke kompetansen, må det minimum vera to fagpersonar på kvart fagområde.

Organisasjonane ser at det er eit behov for å styrke landbruksnæringa i kommunen. Det har vore reduksjon i talet på aktive jord- og skogbrukarar over tid, og det er behov for å nytte natur- og beiteressursane på ein betre måte. I skogbruket blir det mellom anna synt til at avverkninga er låg samanlikna med tilveksten, og det blir gjeve uttrykk for at mange skogeigarar veit lite om skogsverdiane dei sit på, og at skogen representerer eit stort uutnytta næringspotensial. Dersom ein gjennom samarbeid kunne fått eit sterkare og betre rådgjevingsmiljø retta mot drift og utvikling i skogbruket, blir det sett som bra.

4.5.4 Nissedal og Kviteseid

Nissedal og Kviteseid er dei einaste kommunane i Vest-Telemark som har formalisert samarbeid på landbruk i dag, og Kviteseid er vertskommunen. Nissedal er vertskommune for interkommunalt samarbeid om plan. Det er òg samarbeid på økonomi, der Kviteseid har ansvar for skatt, og Nissedal har ansvar for løn.

Frå det interkommunale landbrukskontoret si side blir det gjeve uttrykk for at samarbeidet fungerer bra. Den største fordelene er at ein har eit kontor med tre personar som til saman har ansvar for

jord, skog, utmark og miljø. I og med at ein er fleire på kontoret, blir ein mindre sårbar og maktar å operere kontoret sjølv om ein sluttar. At ein er fleire ved kontoret, gjer òg at det blir enklare for nye medarbeidarar som kjem inn. Dei får lettare oversikt og rutinar og system, og kan få tilgang på lokalkunnskap som andre ved kontoret har. I kommunar med berre ein person på landbrukskontoret, må du starte på nytt kvar gong nokon sluttar.

Sjølv om ein i dag har eit kontor med tre stillingar, er stillingsressursane redusert samanlikna med det som kvar enkelt kommune hadde før samarbeidet vart etablert. Slik sett er det henta ut ein effektiviseringsgevinst når det gjeld bemanninga.

Det som blir oppfatta som den største ulempa med samarbeidet ved landbrukskontoret, er avstandane. Det er t.d. 5,5 mil frå Kviteseid til Treungen og 8,5 mil til Felle sør i Nissedal. Dersom ein skal besøke brukarar, er det derfor naudsynt å planlegge slik at ein får gjort fleire ting på same turen. Avstandane gjer at ein ved kontoret føler at ein skulle vore noko meir på besøk i felt i Nissedal. Samstundes blir lokalkunnskap oppfatta som viktig for å kunne arbeide effektivt, og kontoret har god tilgang på lokalkunnskap om landbruket i Nissedal. For brukarane i Nissedal blir ikkje avstandane til Kviteseid opplevd som noko stort problem. Det har samband med at meir av oppgåvene og samhandlinga skjer elektronisk. Behovet for å reise til landbrukskontoret for å møte ein person er ikkje det same som før. Det blir òg vist til at det er andre instansar som har meir ansvar for rådgjeving, t.d. faglaga, Felleskjøpet, slakteri og forsøksringar.

Ein har ikkje faste møtedagar i kommunane. Det er samarbeid med plan i Nissedal om lovsaker, delingssaker og plansaker. I dag er det ei utfordring at kommunane har ulike IKT-system. Nissedal, Fyresdal og Seljord har eitt system, mens Vinje, Tokke og Kviteseid har eit anna. Saker som skal handsamast etter jordlova og plan- og bygningslova, blir utveksla gjennom e-post. Det er avtale at den som handsamar saka, først krev inn gebyr. Her er erfaringa at det kunne vore ein fordel å vore samlokalisert for å få løyst nokre saker raskare.

Når det gjeld kapasitet og kompetanse, klarar kontoret seg med den bemanninga ein har i dag. Dersom det er noko ein lurar på, kan ein støtte seg på andre kommunar eller fylkesmannen. Det er ikkje nokon formelle fellesarenaer på landbruk i Vest-Telemark i dag. Tidlegare hadde ein prosjekt med felles landbruksplan for Vest-Telemark og eit felles kompetansehevingsprosjekt.

Det som blir sett som ein fordel med eit utvida samarbeid samanlikna med det ein har i dag, er at ein kan få enda fleire å spele på og mulegheiter for større distanse når det gjeld kontrolloppgåver. Sjølv om Kviteseid og Nissedal har det største landbrukskontoret i Vest-Telemark, er det berre ein tilsett på kvart av ansvarsområda. Det blir synt til at det er få brukarar i Vest-Telemark, og at ein gjerne kjenner dei som er aktive. Tette band til dei som ein skal kontrollere, blir oppfatta som uheldig, samstundes som krav til kontrollrutinar har vorte forsterka frå staten si side. Gjennom eit utvida samarbeid ser ein vidare betre mulegheiter for spesialisering og betre fordeling av oppgåver. Det er krevjande å drive utviklingsarbeid med den bemanninga ein har i dag, og det er behov for auka innsats knytt til utvikling av nye næringar. Ein ser eit stort behov for det i Vest-Telemark, og med små spreidde kontor er erfaringa at det blir tilfeldig og personavhengig kva som blir gjort. Landbruk er ei av dei viktigaste næringane for mange av kommunane i Vest-Telemark, men talet på aktive brukarar har gått drastisk ned. Dersom ein skal arbeide med meir enn lovpålagte forvaltningsoppgåver, er signala at det er behov for å frigjere ressursar til utviklingsarbeid.

Samstundes blir det peika på at rolla til landbrukskontoret har vorte meir forvaltningsorientert dei seinare åra. Ein del av planleggings- og rådgjevingsoppgåvene som landbrukskontoret hadde tidlegare, er det i dag landbruksrådgjevinga, samvirkeorganisasjonane og AT skog som tek seg av. For

landbrukskontoret har det vorte meir fokus på søknadshandsaming, økonomiske tilskotsordningar og kontrolloppgåver, og målet har vore ei tydelegare rollefordeling mellom ulike aktørar.

Med tanke på framtidig utviklingsarbeid blir sett som ønskeleg å få frigjort ressursar til å koordinere større utviklingsprosjekt for Vest-Telemark, gjennom eit eventuelt større landbrukssamarbeid. Her blir det mellom anna synt til at ein gjennom samarbeidet i Midt-Telemark har klart å dra i gang større områderetta satsingar, t.d. når det gjeld frukt dyrking. I samband med dette blir det understreka at med den bemanninga landbrukskontora i Vest-Telemark har i dag, må ein ikkje gå inn i eit samarbeid med mål om å spare på stillingsressursane. Det som ein eventuelt klarer å frigjere av ressursar, må nyttast til utviklingsarbeid. Det er òg ei oppfatning at dersom ein skal ha full nytte av eit samarbeid, så må det samlokaliseras. Oppfatninga er at ein ikkje vil få dei same effektane gjennom eit samarbeid der ein framleis blir sittande på kvar si tue. Ein ser då føre seg at det vil vera krevjande å fordele oppgåver, arbeide effektivt og dra vekslar på kvarandre.

Når det gjeld utviklingsarbeid blir det sett som viktig at det er eit samla fokus på heile Vest-Telemark. Erfaringa er at det i Vest-Telemark blir brukt mykje ressursar på næringsutvikling, at det er mange aktørar som driv med næringsutvikling, men at desse er for lite koordinert i forhold til kvarandre. Jord, skog og utmark er den viktigaste næringa i fleire kommunar, og det blir signalisert behov for å jobbe betre og meir heilskapleg med næringsutvikling for å utnytte potensialet på ein betre måte – «*det er behov for å løfte blikket og sjå kor ein vil vera om 10 år – dersom ein ikkje evner å sjå framover og ta tak i mulegheitene, blir det ikkje nye arbeidsplassar.* Det blir hevda at det er viktig å sjå dei store linene framover, evne å sjå mulegheitene og ta tak i område med utviklingspotensial. Det blir mellom anna synt til at betre vegar i framtida vil føre til at avstandane inn til Vest-Telemark blir mindre, noko som igjen vil føre til at naturressursane blir meir verdte.

Sett frå organisasjonane si side fungerer landbrukskontoret bra, men dei ser at det er sårbart med berre ein tilsett på kvart område. Det er blitt synt til at landbrukskontora i Vest-Telemark er små, og at ein gjennom eit samarbeid i Vest-Telemark kunne fått eit sterkt og velfungerande kontor i distriktet. Vest-Telemark har same språk og kultur, og mange av utfordringane blir oppfatta å vera dei same. Å samle seg om å løyse utfordringar blir derfor sett som ein fordel sjølv om avstandane er store, og ein vil i større grad vera sikra god hjelp og støtte når ein har behov for det. Med tanke på avstandsproblemstillingen blir det synt til at ein har klart å handtere denne på andre tenesteområde, t.d. på samarbeid om barnevern. Dette er og eit område der kompetanse og fagmiljø er særskild viktig, samstundes som nærleik til brukarane og samhandling med kommunane må handterast.

4.5.5 Vinje

Vinje har ei stilling på jordbruk og ei på skog og utmark. Stillinga på jordbruk er tillagt alt ansvar som har med jord å gjere. Dette dreier seg om sakshandsaming etter jord- og konsesjonslov, tilskotsforvaltning og vedlikehald av jordbruksregister. Vidare er det ein del nærings- og utbyggingsoppgåver knytt til jordbruket. Det blir meldt om relativt stor aktivitet på det området, og det dreier seg i første rekkje om bygging av nye driftsbygningar, oppgradering av eksisterande bygg, grøfing, nydyrking og kjøp av mjølkekvoter. Desse aktivitetane har igjen utløyst tilskot og lån hos Innovasjon Noreg. Erfaringa er at dette kan vera tunge og lange prosesser, der ein koplars på byggeteknisk rådgeving frå Norsk landbruksrådgjeving.

Det har vore ei endring i dyrehaldet dei seinare åra. Utfordringa er at sauehaldet går ned, mellom anna som følgje av store plagar med rovdyr. Det er spesielt gaupa som er eit problem. Det er ein

del som har gått over til ammeku, som er ein produksjon som er lett å kombinere med anna arbeid. Produksjonen av geite- og kumjolk har auka med 40 prosent dei seinare åra.

Ei utfordring er at ein gjerne må hjelpe bøndene med å skrive søknader til Innovasjon Noreg, samstundes som ein må komme med uttale på vegne av kommunen. Her kan det vera at ein havnar på ulike sider av bordet. Samstundes blir det opplevd som ein givande del av arbeidet å vera med og legge til rette for å skape aktivitet og få ting til å skje. Når det gjeld utviklingsarbeidet, blir det sett som ein fordel at ein kjenner bøndene, og at ein har lokalkunnskap og høve til å besøke dei.

Vinje er ein reiselivskommune, og ein arbeider med å sjå landbruk og reiseliv meir i samanheng. Ein har og ein næringslivsplan som satsar på reiseliv og landbruk. Her har ein identifisert eit behov for å samordne og sjå landbruket som ein ressurs og eit verktøy for å utvikle reiselivet. Dette går spesielt på kulturlandskapsforvaltning og utvikling av lokal mat. Her er det mulegheiter for eit positivt samspel der reiselivet skaper nye mulegheiter for landbruket gjennom å skape ein større marknad for nye produkt og tenester. Her ligg det mulegheiter som ein framleis ikkje har utnytta godt nok. Her er det også behov for tett samarbeid mellom landbruk og planlegging for å sikre eit best muleg samspel mellom utbyggingsområder og beiteinteresser.

Elles er det også andre i kommunen som arbeider med prosjekter som inkluderer både jord- og skogbruk. Dette dreier seg mellom anna om prosjektarbeid innanfor fjellnettverket, Grüne Woche og verdssarvområdet som omfattar Møsstrand og Møsvatn.

Det er i dag tett samarbeid mellom landbruk og plan når det gjeld arealplanar og delingssaker, og der delingssakene har ei felles sakshandsaming. Dette er noko som forenkler arbeidet for politikarar og brukarar, ved at dei får eitt vedtak å halde seg til i staden for to.

Stillinga på skogsida har ansvar for skog, vilt og utmarksforvaltning. Her ligg og forvaltning av kommunens utmarkseigedommar. Vinje har på grunn av høgda over havet ikkje så mykje produktiv skog. Det er små skogbrukseigedomar og dårleg grunneigarorganisering, og det er slik sett også krevjande å organisera skogsdrifta. Det er låg avverking samstundes som det er problematisk å få avsetning på ein del biomasse. Dårleg grunneigarorganisering er vidare ei utfordring knytt til unytting av naturressursane og mulegheitene knytt til reiselivet.

Landbruket i Vinje er i betydeleg grad infiltrert i resten av kommuneadministrasjonen når det gjeld både sakshandsaming og utviklingsarbeid, og tilbakemeldingane er slikt sett at ein har eit godt og spanande arbeidsmiljø.

Med tanke på eit samarbeid blir det gjeve uttrykk for at det i nokre samanhengar kunne vore ein fordel om ein hadde vore fleire fagpersonar på same området som ein kunne diskutere med. Til dels blir dette behovet tatt i vare ved å ta ein telefon til nokon i andre kommunar som ein kjenner for å diskutere spesielle ting. Det er blir dessutan arrangert fagsamlingar i regi av Fylkesmannen og KOLA Viken som er eit kompetanseutviklingsprogram for landbruksforvaltninga i Vikenfylka. Dersom det blir aktuelt med eit interkommunalt samarbeid, blir det sett som viktig at landbrukskontoret ikkje vert isolert på ein stad for seg sjølv, men at ein er ein del av eit større miljø med andre som arbeider med tilgrensande oppgåver.

Med tanke på eit eventuelt samarbeid om landbruk i Vest-Telemark blir det vist til at Vinje er ein stor kommune i areal, og at nærleiken til og dialogen med brukarane er viktig. Reiseavstandane er store som dei er i dag. I og med at Vinje er ein turistkommune, og landbruk og utmark er ein viktig del av reiselivsatsinga, blir det frå tilgrensande fagområde i kommunen òg sett som viktig at dei som har ansvar for desse områda, er tilgjengelege i kommunen. I staden for å trekke landbruk ut

av kommunen, er det heller eit ønske om å styrke landbruket og samhandlinga internt i kommunen. Ein jobbar no med å styrke samarbeidet mellom landbruk og plan enda meir, t.d. i arbeidet med sti- og løypeplanar. Med tanke på å utnytte Hardangervidda, utmarksressursane og verdsarven, er det enkelte som meiner at ein har vel så store utviklingsinteresser saman med Tinn enn med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Som ein av Noregs største reiselivskommunar blir utfordringane og behova i Vinje oppfatta å vera ein del forskjellig samanlikna med andre Vest-Telemarkkommunar. Ein ser samstundes at det kan vera gevinstar ved å bli ein del av eit større landbruksfagleg miljø, mellom anna når det gjeld handtering av lovsaker, men dei negative effektane blir vurdert som større dersom eit samarbeid betyr at ein må trekke landbrukskontoret ut av kommunen.

4.5.6 Vurderingar frå Fylkesmannen

Vurderingane frå fylkesmannen si landbruksavdeling bekreftar i stor grad synspunkta på oppgavehandtering og samarbeidsbehov som har kome fram i føregåande avsnitt. Frå fylkesmannen blir det òg synt til at kontora er små og sårbare. Sjølv om ein har flinke folk i den kommunale landbruksforvaltninga i Vest-Telemark, er det ei utfordring når ein til to personar i kvar kommune skal ha ansvar for eit breitt spekter av oppgåver. Dette gjer at forvaltninga blir svært personavhengig, og visse oppgåver blir prioritert framfor andre ut frå kompetanse og interesser. Det fører igjen til at det blir betydelege variasjonar mellom kommunane med tanke på korleis ulike oppgåver blir løyst. Så lenge ein ikkje kan fordele oppgåver mellom ulike medarbeidarar, blir det sett som krevjande å halde seg oppdatert og tileigne seg tilstrekkeleg kunnskap på alle ansvarsområde. I fleire kommunar er det vanskar med å ta i vare rolla som myndigheitsutøvar og involvere seg i utviklingsarbeid på ein god måte. Fylkesmannen har òg registrert at tilsette ved små landbrukskontor må handtere oppgåver som ligg i grensland til landbruk, noko som tek ein del tid.

Samarbeidsbehovet på landbruk i Vest-Telemark blir vurdert som stort, og ein reknar med at det vil tvinge seg fram eit samarbeid i og med at det ikkje har blitt nokre endringar i kommunestrukturen. Eit samarbeid kan gje mulegheiter for oppgåvefordeling, spesialisering og frigjeving av meir ressursar til utviklingsarbeid. Frå Fylkesmannen si side ser ein òg føre seg at eit samarbeid i Vest-Telemark kan gje auka tyngde, synlegheit og fagleg integritet, og at dette vil vera viktig for den framtidige utviklinga av næringa. Erfaringa med samarbeidet i Midt-Telemark blir av fylkesmannen framheva som eit godt døme.

Ein ser at avstandane kan vera ei utfordring for samarbeid om landbruk i Vest-Telemark, men at desse ulempene må vera underordna omsynet til utviklinga av landbruksnæringa. Det blir gjeve uttrykk for at dersom landbruksnæringa tapar andelar, er det vanskeleg å vinne dei attende på eit seinare tidspunkt. Landbruksnæringa har såleis behov for eit sterkt forvaltningapparat. Kommunane i Vest-Telemark har utviklingspotensial med utgangspunkt i sine arealressursar, men det blir sett som naudsynt med god planlegging og målretta utviklingsarbeid dersom ressursane skal omsettast til økonomisk verdiskaping og nye arbeidsplassar. Det blir gjeve uttrykk for at eit interkommunalt samarbeid om landbruk vil gje ein langt sterkare posisjon for å lukkast med dette.

5. Vurdering av aktuelle interkommunale samarbeidsmodellar

Det er tre ulike interkommunale samarbeidsmodellar som har vore lagt til grunn for utgreiingsarbeidet (jf. kap. 1.2). Vi vil sjå nærare på kva slags utfordringar dei ulike modellane er egna til å løyse, og kva fordelar og ulemper ein ser føre seg i kommunane.

5.1 Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark

Den fyrste modellen inneber samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark. Tilsvarande samarbeid i andre kommunar er organisert som vertkommunesamarbeid etter kommunelovs § 28. Det er berre samarbeid etter denne lova som gjev høve til å delegera mynde til ein annan kommune, og dette er såleis den einaste aktuelle organisasjonsforma for felles kontor med felles leiar.

I eit fleirtal av kommunane ser ein at samlokalisering vil vera naudsynt for å styrke fagmiljøa på ein best muleg måte. Dersom det skal vera noko poeng med eit slikt samarbeid, er meininga jamt over at det må gje grunnlag for minimum to personar på dei sentrale fagområda. Dette er naudsynt for å kunne ha fleire å spele på, fordele oppgåver på ein fornuftig måte og redusere utfordringar knytt til kontrolloppgåver og inhabilitet. Det blir sett som viktig at eit samarbeid gjev høve til å spesialisere seg meir ut frå kompetanse og personlege interesser, og at ein får frigjort ressursar til å drive meir utviklingsretta arbeid. Dersom ein skal etablere felles kontor, er det ønskeleg at landbruk ikkje blir lokalisert aleine på ein stad, men at det interkommunale landbrukskontoret blir ein del av eit større miljø saman med tilgrensande fagområde.

Alle landbrukskontora i Vest-Telemark er i dag små og sårbare, samstundes som landbruk er ei viktig næring med stor betydning for sysselsetting og busetting i regionen. For å styrke landbruket er det ein del som meiner at Vest-Telemark treng eit sterkt landbrukskontor som i større grad kan fronte regionens felles interesser og vera ein utviklingsaktør for regionen. Utan eit sterkt landbrukskontor blir det sett som ei fare at regionen vil tape ytterlegare samanlikna med andre regionar.

Samstundes er det andre som er meir skeptiske til ein samarbeidsmodell med samlokalisering av felles landbrukskontor. Det er i Seljord og Vinje det verkar å vera størst skepsis til eit samarbeid gjennom ein slik modell. I desse kommunane ser det ut til at landbruk i størst grad er integrert i heilskaplege utviklingsstrategiar i samarbeid med andre fagområde i kommunen. Slik sett blir ulempene ved eit samarbeid der landbruk blir trekt ut av den kommunale organisasjonen vurdert som større enn fordelane.

Med tanke på etablering av eitt kontor, er det fleire som peikar på at reiseavstandane og behovet for lokalkunnskap vil vera ei utfordring knytt til eit slikt samarbeid. Samstundes er det andre som meiner at reisavstandane er overkomelege, og at ein maktar å handtere desse i andre samarbeid der nærleik og samhandling er viktig, t.d. på barnevern. Vidare er reiseavstandane relativt store innan det landbruksamarbeidet som er etablert mellom Kviteseid og Nissedal i dag. Frå Kviteseid

vil reisetida til kommunesentruma i Tokke, Seljord og Vinje vera ein god del kortare enn til kommunesenteret i Nissedal (jf. Tabell 17). Reisetida til kommunesentrumet i Fyresdal vil vera nokre minuttar lengre. Mange gjev uttrykk for at brukarane no har mindre behov for å besøke landbrukskontoret enn før fordi det meste av søknader og skjema har vorte digitalisert, men at det er viktig at ein får den hjelpa ein treng når ein har behov for det.

Tabell 17 Avstandsmatrise. Reiseavstandar mellom dagens kommunesentrum i minuttar. Kjelde: www.gulesider.no.

	Seljord	Kviteseid	Nissedal	Fyresdal	Tokke	Vinje
Seljord		16	62	68	43	41
Kviteseid	16		47	53	39	36
Nissedal	62	47		46	76	82
Fyresdal	68	53	46		42	59
Tokke	43	39	76	42		21
Vinje	41	36	82	59	21	
Sum	230	191	313	268	221	239

Dersom ein etablerer eitt landbrukskontor i Vest-Telemark, vil ein få eit kontor på rundt 9-10 årsverk, dersom ein tek utgangspunkt i dei ressursane ein har i dag. Det er klart at ein gjennom eit slikt kontor vil få eit sterkt og attraktivt fagmiljø som vil kunne få betydeleg tyngde i regionen og bli ein sterk utviklingsaktør samanlikna med dei små og sårbare kontora ein har i dag. Dersom ein på same måte som det interkommunale landbrukskontoret for Midt-Telemark, klarer å etablere større utviklingsprosjekt med ekstern finansiering, vil det vera mulegheiter for å etablere prosjektbaserte stillingar i tillegg, noko som ytterlegare kan styrke fagmiljøet og utviklinga i regionen.

Innanfor samlokaliseringmodellen kan det og vera eit alternativ med fleire samarbeid i Vest-Telemark. Dersom ein ser føre seg ein modell der to og to kommunar går saman, er det i dag slik at Kviteseid og Nissedal allereie har eit samarbeid som synest å fungere relativt bra. Fyresdal og Tokke har noko midlertidig samarbeid inntil Tokke får bemanna opp eigen stillingsressurs, og det kunne vera aktuelt at Fyresdal og Tokke danna eit felles kontor. Då står ein att med Seljord og Vinje. Det er desse kommunane som er mest skeptiske til samarbeid der landbrukskontoret blir flytta ut av kommunen. Samstundes vil ikkje eit alternativ med tre landbrukskontor i Vest-Telemark gje nokon vesentleg styrke av fagmiljøa, og det vil slik sett vera lite å hente på ei slik løysing. Kontora kan bli litt mindre sårbare i den forstand at ikkje all kompetansen forsvinn dersom tilsette sluttar eller skulle bli sjuk.

Dersom ein ser føre seg ein modell med to landbrukskontor i Vest-Telemark, vil det vera naturleg at samarbeidet mellom Nissedal og Kviteseid blir utvida, samstundes som ein må ta omsyn til at fagmiljøa ved begge kontora skal styrkjast. Det vil då vera naturleg at Fyresdal går saman med Nissedal og Kviteseid, og at Tokke, Vinje og Seljord dannar felles kontor. Dette er heller ikkje ei optimal løysing fordi det allereie er noko samarbeid mellom Fyresdal og Tokke, samstundes som det ut frå reiseavstandane vil vera meir naturleg med eit samarbeid mellom Seljord og Kviteseid enn mellom Seljord og Vinje. Seljord og Vinje er som nemnt dei kommunane som er mest skeptiske til denne forma for samarbeid.

Det som har blitt fremma som den mest realistiske og nærliggjande modellen å realisere, er at Fyresdal, Kviteseid, Nissedal og Tokke etablerer eit felles kontor. Det er desse kommunane som har

signalisert størst samarbeidsbehov. Eit samarbeid mellom desse fire kommunane vil gje ei beman- ning på rundt seks stillingar, og ein kan få eit fagmiljø omtrent som det ein har i Midt-Telemark. For eit slikt samarbeid ville det naturlegvis vore ei styrke både kapasitets- og kompetansemessig om Seljord og Vinje hadde vore med. Dersom Seljord og Vinje ikkje ser seg tent med å inngå i eit slikt samarbeid, kan det likevel vera aktuelt med avgrensa samarbeid mellom dei kontora som ein då sit att med.

5.2 Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune

Dette er ein modell med felles organisering med ein felles landbrukssjef, men der ein har medarbei- darar lokalisert i kvar av kommunane. Målet med ei slik løysing vil vera å få ei meir fleksibel ut- nytting av dei samla stillingsressursane som landbrukskontora i Vest-Telemark har, samstundes som ein tek i vare behov for nærleik til brukarar og samarbeidspartnarar i kommunane. Ein kan tenkje mulegheiter for fagleg spesialisering innanfor ein slik modell, t.d. ved at nokon har større ansvar for ulike oppgåver innan jord-, skog- og utmarksforvaltning, slik som handsaming av lov- saker, forvaltning av produksjonstilskot og andre tilskotsordningar, rådgjeving og rettleiing, ut- viklingsarbeid og prosjektretta arbeid osb.

Så lenge ein ikkje er samlokalisert, blir ikkje dette sett som ei god løysing fordi ein i mindre grad har mulegheiter for å samhandle og dra vekslar på kvarandre. Denne modellen tilfredsstillar ikkje behovet for å sitte saman og drøfte problemstillingar, utvikle idear og drive utviklingsarbeid. For brukarane blir dette heller ikkje sett som ei god løysing, då dei risikerer å måtte reise rundt til ulike landbrukskontor i Vest-Telemark for å få den hjelpa dei treng. Det blir vidare peika på at dersom det sviktar i ein av kommunane gjennom ei slik samarbeidsløysing, kan alle kommunane i Vest-Telemark bli meir sårbare. Oppfatningane er relativt eintydige om dette ikkje er ei god løy- sing, og at ein bør vera samlokalisert for å dra nytte av eit større fagmiljø. Ein modell der ein er samlokalisert i eit hovudkontor, men der ein har nokre faste kontordagar i dei ulike samarbeids- kommunane, blir sett som ei langt betre løysing. Det vil då vera ein variant av samlokaliseringmo- dellen som er omtala i føregåande avsnitt.

5.3 Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing

Dette vil vera ei form for samarbeid der ein held fram med dei landbrukskontora ein har i dag, men der ein har tettare samarbeid om nokre oppgåver og utfordringar. Det blir synt til at ein har gjort forsøk på liknande samarbeid tidlegare, men at dette samarbeidet har «koka bort» fordi ingen har hatt ansvar for å følgje opp. Samarbeidsoppgåver som blir trekt fram som aktuelle gjen- nom ei slik form for samarbeidsløysing, er kompetanseutvikling, felles høyringar, samarbeid knytt til handsaming av lovsaker og samarbeid om planleggings- og utviklingsoppgåver. Tettare og meir strukturert samarbeid enn det ein har i dag, kan slik sett ha positive effektar på fleire måtar, og vil samstundes vera «ufarleg» å vera med på i den forstand at landbrukskompetansen ikkje blir trekt ut av organisasjonen og lokalisert ein annan stad. Samarbeidsforma blir såleis oppfatta som aktu- ell i alle kommunane, men fleire er samstundes tydelege på at dette ikkje vil løyse mange av dei største utfordringane ein har i dag. Kommunane vil framleis ha utfordringar med kapasitet og kompetanse knytt til små og sårbare landbrukskontor.

Erfaringane frå eit liknande samarbeid på Fosen (jf. kap. 3.2.2), er òg at dette kan vera ein fleksi- bel og effektiv samarbeidsmodell som i løpet av kort tid kan gje positive gevinstar, men at eit slikt nettverksamarbeid likevel ikkje er ei berekraftig løysing for å sikra stabilt tilgjenge på kompetanse

og kapasitet. Samarbeidet blir slik sett oppfatta som eit første steg på vegen mot meir permanente strukturar.

5.4 Fordelar og ulemper med dei aktuelle modellane

Vi vil her forsøke å summere opp fordelar og ulemper med ulike alternativ. Vurderinga inkluderer også 0-alternativet, som inneber at ein held fram som i dag.

5.4.1 0-alternativet

Vurderingskriterium	Fordelar	Ulemper
Fagmiljø	I kommunar der landbruk er ein integert del av eit tverrfagleg fagmiljø saman med tilgrensande etatar i kommunane, vil det vera ein styrke for dette fagmiljøet som heilskap at landbruk framleis er ein del av dette.	Fagmiljøa på landbruk er små og sårbare i alle kommunane. Å vidareføre dagens situasjon vil ikkje styrke dei landbruksfaglege miljøa i kommunane, snarare tvert om. Samstundes som aktiviteten i landbruket blir lågare, blir dei statlege overføringane gjennom det kommunale inntektssystemet mindre. Dette er eit signal om at aktiviteten på landbrukskontora må tilpassast eit lågare inntektsnivå.
Oppgåvehandtering og utviklingsarbeid	<p>Dei tilsette ved dei lokale landbrukskontora kjenner gjerne bøndene og landbrukseigedomane godt. Dette gjer at ein kan ofte kan hjelpe gardbrukarane på ein rask og effektiv måte.</p> <p>Det vil vera enklare å ha god lokalkunnskap når ein har ansvar for ein kommune samanlikna med om ein har ansvar for fleire.</p>	<p>I fleire kommunar er det krevjande å handtere lovpålagde oppgåver. Spesielt blir det peika på handsaming av lovsaker og habilitetsproblematikk knytt til søknadshandsaming og kontrolloppgåver.</p> <p>I og med at dei fleste kontora har 1-2 tilsette, er det eit problem for oppgåvehandteringa når tilsette sluttar eller blir sjuke.</p> <p>Når tilsette sluttar, forsvinn det meste av lokalkunnskapen, og det kan bli vanskelegare å fase inn nye medarbeidarar.</p> <p>Alle skulle hatt meir tid og ressursar til utviklingsretta arbeid.</p>

Samhandling med andre etatar i kommunane	Samhandling med andre etatar i kommunane er enklare når landbruk er ein del av den same organisasjonen og dei same styringslinene.	Lite tid og ressursar til å initiere og engasjere seg i større utviklingsprosjekt er ei ulempe. Det er interkommunalt samarbeid på næring, som er eit tilgrensande samarbeidsområde. Her kunne det vore lettare å få større heilskaplege næringsretta utviklingssamarbeid dersom ein òg hadde hatt interkommunalt samarbeid på landbruk.
Demokratisk styring og kontroll	Så lenge landbruk er ein del av den kommunale organisasjonen, vil ein kunne drive direkte politisk styring og kontroll. Samstundes vil nytteverdien av dette vera avhengig av handlingsrommet som den enkelte kommune har når det gjeld ressursar, kapasitet og kompetanse. Dersom ein ikkje har tilsette på landbrukskontoret, er det lite hjelp i at landbruksoppgåvene ligg under direkte politisk styring og kontroll.	Gjennom interkommunalt samarbeid blir styringa meir indirekte. Det er ei utfordring som er knytt til ei kvar form for interkommunalt samarbeid. Dersom kommunane som samarbeider er relativt like, og har same utfordringar og mål som samarbeidet skal løyse, er det lettare å einast politisk om korleis ein skal samarbeide, og kva ein skal oppnå. Landbrukskontora i Vest-Telemark står overfor mange av dei same utfordringane.
Tilgjenge til brukarane og brukartilfredsheit	Mange av kommunane i Vest-Telemark er store i areal, og avstandane er lange. Å ha eit landbrukskontor i kommunen gjer at reiseavstandane blir mindre både for brukarane og dei tilsette ved landbrukskontoret.	Som følge av digitaliseringa, og at andre aktørar etter kvart har teke over mykje av rådgjeingsarbeidet, har ikkje brukarane det same behovet for å besøke landbrukskontoret som før. Det er derimot viktig at brukarane får god hjelp og støtte når dei har behov. Nærleiken til brukarane blir mindre verdt dersom ein ikkje har nok å vere brukarnær med.
Kostnader og effektivitet	Eit kommunalt landbrukskontor kan jobbe effektivt med saker der god lokalkunnskap og kjennskap til gardbrukarane er viktig. Føresetnadene for eit effektivt samarbeid med andre kommunale etatar er gode.	Med dagens bemanning er det lite å gå på med tanke på effektivisering av stillingar. Då vil kapasiteten og kompetansen bli ytterlegare svekka, og kontora vil bli endå meir sårbare. Alle arbeider som generalistar, og kan ikkje vera like gode på alt. Visse saker som ein sjeldan handsamer, kan vera tids- og ressurskrevjande fordi ein manglar kompetanse og erfaring. I og med at det er få å spele på, må oppgåver og fristar handterast når dei

		kjem. Det gjer at det kan vera vanskeleg å oppretthalde aktiviteten på oppgåver som treng samanhengande oppfølging over tid.
--	--	--

5.4.2 Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark

Vurderingskriterium	Fordeler	Ulemper
Fagmiljø	<p>Samlokalisering til eitt kontor i Vest-Telemark vil gje grunnlag for eit sterkt regionalt landbrukskontor. Dersom ein legg dagens bemanning til grunn, vil ein få eit kontor med 9-10 fagpersonar. Dette vil gje grunnlag for eit attraktivt fagmiljø på landbruksområdet. Ein vil unngå utfordringane knytt til små og sårbare fagmiljø som ein har i dag.</p> <p>Dersom ein endar opp med tre kontor, vil effektane vera mindre, og ein vil berre styrke kontora med 1-2 stillingar i høve til i dag.</p>	<p>I dei fleste kommunane er landbruk ein del av eit tverrfagleg miljø saman med andre tilgrensande etatar. Fagmiljøet som sit att i kommunane kan bli redusert dersom landbruk blir flytta ut til eit interkommunalt samarbeid lokalisert i ein annan kommune.</p> <p>Dette er ei ulempe som kan avdempast ved at det blir etablert faste kontordagar i samarbeidskommunane.</p>
Oppgåvehandtering og utviklingsarbeid	<p>Ein vil kunne ha fleire personar på kvart fagområde med betre mulegheiter for spesialisering og fordeling av oppgåver. Ein vil kunne frigje ressursar for å drive utviklingsarbeid som kan styrke landbruksnæringa i regionen.</p> <p>Ein kan stå sterkare med tanke på å synleggjere og marknadsføre utviklingsmulegheiter som kommunane samla sett har, og ein kan styrke samarbeidet med andre regionale utviklingsaktørar. I konkurranse med andre regionar kan ein òg stå sterkare med tanke på å utløyse utviklingsmidlar og trekke ressursar til regionen.</p>	Her det vanskeleg å sjå negative effektar.
Samhandling med andre etatar i kommunane	For kommunar med avgrensa landbruksressursar, kan eit større kontor ha meir å tilføre eit samarbeid med andre etatar i kommunane.	Dersom landbruk blir flytta ut av kommunen, kan samhandlinga med andre etatar i den enkelte kommune bli vanskelegare. Når ein ikkje lenger er samlokalisert, blir det ikkje like lett

		<p>å stikke innom kontoret for å diskutere ei sak.</p> <p>Dette er ulemper som kan avbøtast med faste kontordagar og meir formaliserte samarbeidsrutinar. Erfaringa er at dersom ein har slike rutinar, og dermed kjenner kvarandre, blir det lettare å ta ein telefon eller sende ein e-post dersom det er noko ein treng å diskutere.</p>
Demokratisk styring og kontroll	Eit større og sterkare landbruksmiljø kan gjere det lettare å realisere politiske mål for utviklinga i regionen. Dersom fleire kommunar skal samarbeide om eit felles kontor, er det ein fordel om kommunane har nokon lunde same utfordringar og mål for framtidig utvikling.	Kommunane vil alltid stå i eit politisk ansvarsforhold overfor sine innbyggjarar, òg for den delen av verksemda som blir utøvt i eit interkommunalt samarbeid. I vertskommunesamarbeid vil styringshøva bli av meir indirekte karakter, men samarbeidsavtala skal innehalda rutinar for korleis deltakarane skal orienterast om dei vedtaka som blir fatta i vertskommunen på deira vegne. Det kan òg vera andre tilhøve som er viktig at samarbeidskommunane blir orientert om, t.d. tilsynsrapportar, forvaltingsrevisjonar og klagesaker på samarbeidsområda. Vidare kan generelle instruksar om korleis oppgåvene på eit område skal løysast på vegne av deltakarkommunane, vera eit styringsverkemiddel som deltakarane vil kunna nytta seg av når avtala blir inngådd.
Tilgjenge til brukarane og brukar-tilfredsheit	<p>Større fagmiljø og auka kompetanse gjer at brukarane kan få tilgang til fleire og betre tenester frå landbrukskontoret.</p> <p>Brukarane treng ikkje å besøke landbrukskontoret så ofte som før, men det er viktig for brukarane å få den hjelpa dei treng når dei har behov.</p>	<p>Samlokalisering gjer at avstandane blir større både for tilsette ved landbrukskontoret og for brukarar som skal besøke landbrukskontoret.</p> <p>Desse ulempene kan avbøtast med faste kontordagar i samarbeidskommunane. I det interkommunale samarbeidet mellom Kviteseid og Nissedal er reiseavstandane store. Her har ein ikkje funne det naudsynt med slike ordningar.</p>
Kostnader og effektivitet	Driftsutgiftene i landbrukskontora ligg i dag omtrent på linje med det som er berekna utgiftsbehov. Gjennom etablering	Her det vanskeleg å sjå store negative effektar. Det kan gå med noko meir

	av eit interkommunalt landbrukskontor kan ein såleis styrke landbrukskontoret på ein langt meir kostnadseffektiv måte enn det som den enkelte kommune maktar aleine.	tid på reising og møteverksemd. Der- som lokalkunnskapen blir svekka, kan det òg gå ut over effektiviteten.
Andre ring- verknader	Erfaringane frå fleire andre interkom- munale samarbeid om landbruk, er at ein har fått meir positive effektar enn det ein hadde sett føre seg i utgangs- punktet. Dette går mellom anna på at eit meir attraktivt fagmiljø har gjort rekrutteringa lettare. Ein har fått tettare samarbeid med andre regionar som har felles landbrukskontor. Dette har ført til auka erfaringsutveksling og auka læ- ring. Ein har fått ei større erkjenning for arbeidet som blir gjort, og gjennom det interkommunale kontoret har ein fått større regional tyngde, og det har blitt lettare å bli sett og høyrd i ulike høyringsprosessar.	

5.4.3 Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune

Vurderings- kriterium	Fordeler	Ulemper
Fagmiljø	Gjennom ei slik organisering blir dei til- sette ein del av eit større kontor, med felles leing. Dette gjer landbruksfor- valtninga i den enkelte kommune mindre sårbar, og ein får større fleksibi- litet i unyttinga av den samla kompe- tansen ved landbrukskontora i Vest-Te- lemark.	Sjølv om ein gjennom eit slikt samar- beid blir ein del av den same organisa- sjonen, blir det vanskelegare å hente ut positive effektar av det samla fag- miljøet så lenge ein ikkje er samlokali- sert. Dei tilsette på kontora har òg li- ten tru på denne modellen.
Oppgåve- handtering og utvik- lingsarbeid	I og med at ein er ein del av ein større organisasjon, vil ein ha fleire å spele på, noko som kan vera ein fordel i hand- teringa av ulike oppgåver.	Samanlikna med ein samlokalisering- modell vil det ikkje vera like lett å spesialisere seg og fordele oppgåver, og det vil vera meir krevjande å fri- gjere ressursar og samlast om utvik- lingsoppgåver for å styrke landbruket i regionen. Det vil og vera lite tilfreds- stillande å sitte aleine i ein kommune

		med eit avgrensa sett av landbruksoppgåver utan å vera ein del av eit større fagmiljø.
Samhandling med andre etatar i kommunane	I og med at ein er lokalisert i kvar kommune, vil ein kunne vidareføre eit dagleg samarbeid med andre etatar i kommunane som før.	Dersom den eller dei som til dagleg er lokalisert i kommunen, har ansvar for eit avgrensa sett av landbruksoppgåver, kan det føre til at samarbeidet med andre etatar blir meir avgrensa. Det kan vera at landbrukskompetansen ein treng, er lokalisert i ein annan kommune.
Demokratisk styring og kontroll	Det er vanskeleg å sjå så mange positive effektar knytt til demokratisk styring og kontroll ved denne modellen.	Samanlikna med ein samlokalisert samarbeidsmodell, vil ein samarbeidsmodell med lokalisering i kvar kommune blir meir uoversiktleg, og det kan bli meir krevjande å drive oppfølging og kontroll. Det vil vidare bli vanskelegare å einast om felles strategiar og tiltak for framtidig utvikling av landbruket i regionen.
Tilgjenge til brukarane og brukartilfredsheit	Med ein slik samarbeidsmodell vil brukarane ha same mulegheiter for å treffe tilsette ved landbrukskontoret i kommunen som før.	Dersom ein gjennom eit slikt samarbeid legg opp til større spesialisering og fordeling av oppgåver, er det ikkje sikkert at brukaren kan få hjelp til alle oppgåver ved kontoret i eigen kommune. Dersom ein brukar må besøke fleire kontor i regionen for å få den hjelpa ein treng, kan ein modell med lokalisering i kvar kommune føre til redusert tilgjenge for brukarane samanlikna med ein samlokalisert modell. Ein samlokalisert modell vil slik sett vera meir oversiktleg for brukarane og sikre at dei får den hjelpa dei treng på ein stad.
Kostnader og effektivitet	Så lenge ein har lokalisering i kvar kommune, er det vanskeleg å sjå dei store effektiviseringsgevinstantane av eit samarbeid.	Eit slikt samarbeid vil vera krevjande å leie, og kostnadene knytt til administrasjon, samhandling og koordinering vil vera større enn ved ei samlokalisering. Det vil også vera vanskeleg å løyse mange av dei landbruksfaglege oppgåvene på ein like effektiv måte.

5.4.4 Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing

Vurderingskriterium	Fordeler	Ulemper
Fagmiljø	Tettare samarbeid mellom dagens kontor vil føre fagmiljøa ved dei ulike kontora tettare saman. Tettare samarbeid og større erfaringsutveksling kan styrke kompetansen ved det enkelte kontor og for regionen samla sett.	Tettare samarbeid mellom dagens kontor vil framleis ikkje redusere utfordringane knytt til manglande kapasitet og kompetanse ved små og sårbare fagmiljø i kommunane.
Oppgåvehandtering og utviklingsarbeid	Mellom dagens kontor kan det vera aktuelt å samarbeide om ulike oppgåver. Aktuelle samarbeidsoppgåver kan t.d. omfatte kompetanseutvikling, felles høyringar, samarbeid knytt til handtering av lovsaker og samarbeid om planleggings- og utviklingsoppgåver.	Eit slikt samarbeid vil vera meir avgrensa samanlikna med ein samlokaliseringmodell, og det vil i liten grad vera aktuelt med oppgåvefordeling og spesialisering mellom kontor og medarbeidarar. Ei form for nettverksarbeid vil såleis ha lågare gevinstpotensial samanlikna med ein samlokaliseringmodell.
Samhandling med andre etatar i kommunane	Med ein slik samarbeidsmodell vil samhandlinga med andre etatar i kommunane truleg bli lite påverka. I den grad landbrukskontoret får auka kunnskap og breiare erfaringsgrunnlag gjennom nettverkssamarbeidet, kan det òg vera ein styrke for det interne samarbeidet i kommunane.	Dersom kapasiteten på landbrukskontoret i den enkelte kommune er liten, kan auka engasjement på andre samarbeidsarenaer gå ut over samarbeidskapasiteten i eigen kommune.
Demokratisk styring og kontroll	Her vil mulegheitene vera uendra samanlikna med dagens situasjon.	Evna til demokratisk styring vil vera avhengig av handlingsrommet og dei reiskapane ein har til rådvelde for å nå måla. I den grad kommunane har felles mål, kan evna til å nå desse vera mindre gjennom små og sårbare kontor i kvar enkelt kommune samanlikna med eit sterkt felles kontor.
Tilgjenge til brukarane og brukar tilfredsheit	Eit nettverkssamarbeid vil ikkje påverke tilgjenge til brukarane. I den grad kontoret får auka kompetanse og betre tenester som følgje av nettverkssamarbeidet, vil det òg komme brukarane til gode.	Samanlikna med dagens situasjon vil det ikkje vera negative effektar. Eit større samlokalisert kontor vil sannsynlegvis kunne gje tilgang på betre og fleire tenester på ein stad, men reiseavstanden vil bli større.

<p>Kostnader og effektivitet</p>	<p>Dersom nettverkssamarbeid fører til auka kompetanse, kan dette føre til betre og meir effektiv handtering av nokre oppgåver ved enkelte kontor. Dersom ein løyer visse oppgåver i fellesskap, kan det dessutan vera visse effektiviseringsgevinstar å hente ut.</p>	<p>Tidlegare forsøk på nettverksamarbeid har stoppa opp. Erfaringar frå andre stader viser at det er behov for å bruke ressursar på planlegging, koordinering og oppfølging av slike samarbeid. Det er såleis behov for ei koordinatorstilling dersom eit slik samarbeid skal fungere optimalt. Samanlikna med ei samlokalisering kan eit slikt nettverkssamarbeid bli meir ressurskrevjande. Erfaringane frå liknande nettverkssamarbeid på Fosen er at det ikkje er ei berekraftig løysing for å sikre stabilt tilgjenge på kompetanse og kapasitet. Samarbeidet blir såleis oppfatta som eit første steg på vegen mot meir permanente strukturar.</p>
----------------------------------	--	--

6. Samla vurdering og tilråding

Innleiingsvis har vi sett på erfaringar med ulike interkommunale samarbeid om landbruk i andre delar av landet. Desse erfaringane verkar å vera relativt samanfallande. Effektane er positive når det gjeld å skape sterkare og meir attraktive og effektive fagmiljø, noko som gjev betre forvaltning, betre tenester til brukarane og betre føresetnader for å drive meir utviklingsretta arbeid. Det er verd å merke seg at fleire av samarbeida har erfart positive effektar som ein ikkje hadde sett føre seg i utgangspunktet, spesielt med tanke på at landbrukskontoret har fått større regional tyngde. At ein har fått eit landbrukskontor med ressursar og slagkraft til å gjennomføre prosjekt og utviklingstiltak, har ført til positiv merksemd og auka erkjenning av arbeidet frå andre aktørar. Nokre av dei etablerte samarbeida har erfart at andre kommunar ønskjer å koma på besøk for å sjå og lære av det ein har fått til. Kjensla av å ha blitt ein meir attraktiv og interessant samarbeidspart, gjev inspirasjon til vidare arbeid.

Dei største ulempe, spesielt i tidleg fase, er å få til ei god samhandling med tilgrensande einingar i dei ulike samarbeidskommunane. Her er det viktig å prioritere og bruke tid på å få gode rutinar på plass. Det gjeld òg i samband med saker som skal handsamast politisk i kommunane. Å få på plass ein felles landbruksplan så tidlig som muleg, kan verka samlande for kommunane. Felles IKT-løysingar vil vera ein fordel for å kunne samarbeide effektivt med kommunane.

Dersom avstandane blir store, kan det og vera ei utfordring. For brukarane er denne utfordringa mindre i dag enn tidlegare, fordi mange ting kan løysast gjennom telefon og nettbaserte løysingar. For tilsette på landbrukskontoret vil ein likevel måtte regne med meir tid på reising i samband med oppgåver som inneber behov for besøk til brukarane. Dette er ulemper som nå må vegast opp mot fordelane ved eit eventuelt samarbeid. Kontordagar i samarbeidskommunane kan vera eit tiltak for å redusere desse ulempe.

I Vest-Telemark er landbruk ei viktigare næring for sysselsetting og busetting samanlikna med andre kommunar i Telemark og elles i landet. Samstundes blir det færre aktive bruk og færre søkjarar om produksjonstilskot i dei fleste Vest-Telemarkkommunane. For å oppretthalde og vidareutvikle aktiviteten i landbruksnæringa, vil det vera behov for utviklingsretta arbeid som sikrar eksisterande drift og tek i bruk ressursane på nye måtar.

Kommunane i Vest-Telemark nyttar meir ressursar på landbruk enn gjennomsnittskommunen i Noreg, men kommunane har òg større berekna utgiftsbehov ut frå landbrukskriteriet i det kommunale inntektssystemet. Det ser ikkje ut til at kommunane i Vest-Telemark har spesielt høge utgifter knytt til landbruk ut frå det berekna utgiftsbehovet. Landbrukskriteriet i inntektssystemet er vekta ned frå i år, noko som inneber at dei økonomiske rammeføresetnadane ikkje vil bli betre i åra framover. Bemanninga ved dei ulike landbrukskontora i Vest-Telemark ligg i dag på 1-2 stillingar. Kviteseid og Nissedal, som allereie samarbeider om landbruk, har det største kontoret med 3 stillingar fordelt på 2,6 årsverk. Landbrukskontora må såleis karakteriserast som små og sårbare. Ut frå aktiviteten i landbruket, og dei økonomiske rammeføresetnadene, har ikkje den enkelte kommune høve til styrking av landbrukskontora på eiga hand. Så lenge det ikkje er ønskjeleg med kommunesamanslåing, er det interkommunalt samarbeid som er det aktuelle alternativet.

I og med at det ved kvart kontor stort sett berre er ein tilsett på jord og skog, må den enkelte tilsette dekke alle oppgåver innanfor sitt område. Ikkje alle kan vera like gode på alt. Det blir opplevd som utfordrande at det ikkje er muleg å fordele oppgåver på fleire medarbeidarar og fordjupe seg på nokre område. Når ein har få å spele på, må visse oppgåver prioriterast framfor andre, og

det går først ut over utviklingsretta arbeid. Vidare blir handsaming av lovsaker og handtering av habilitetsproblematikk i samband med søknader og kontrolloppgåver opplevd som krevjande ved fleire av kontora.

Som grunnlag for å vurdere fordelar og ulemper med interkommunalt samarbeid, er det tatt utgangspunkt i tre modellar:

- Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark
- Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune
- Effektar og krav til den enkelte kommunen med meir operativt samarbeid utan formell samanslåing

I tillegg er det sett på fordelar og ulemper ved å halde fram i som i dag (0-alternativet).

Dersom ein vidarefører dagens organisering (0-alternativet), vil høgst sannsynleg dei utfordringane ein har med små og sårbare fagmiljø i dag, berre forsterke seg i framtida, og det vil vera små muligheter for å styrke det landbruksretta næringsutviklingsarbeidet som mange etterlyser.

Av dei tre aktuelle samarbeidsmodellane er det samlokaliseringssmodellen som kjem best ut. Det er denne modellen som i størst grad bidreg til å styrke fagmiljøa og bygge eit sterkt landbrukskontor i regionen. Eit samlokalisert kontor vil gi høve til spesialisering og fordeling av oppgåver mellom dei tilsette, noko som gjev grunnlag for betre og meir effektive tenester. Vidare vil ein stå sterkare når det gjeld å drive utviklingsarbeid, initiere og delta i større prosjekt og slik sett føre meir ressursar inn til regionen. Frå andre delar av landet er erfaringane at tilsvarande samarbeid har vore spesielt viktig for å styrke utviklingsarbeidet. Vidare blir det synt til ein del positive effektar som ein ikkje såg føre seg i utgangspunktet. Desse dreier seg mellom anna om at eit meir attraktivt fagmiljø har gjort rekrutteringa lettare. Ein har fått kontakt med andre regionar som har felles landbrukskontor, noko som har ført til auka erfaringsutveksling og auka læring. Ein har fått ei større anerkjenning av kva for arbeid som blir gjort. Gjennom det interkommunale kontoret har ein fått større regional tyngde, og det har blitt lettare å bli sett og høyrd i ulike høyringsprosessar.

Dei største utfordringane knytt til eit slikt samarbeid er at reiseavstandane blir større, og at det tverrfaglege samarbeidet med tilgrensande etatar i samarbeidskommunane kan bli svekka. Dette er eit problem som kommunane i Vest-Telemark er opptatt av. I Seljord og Vinje, der landbruk syner å vera spesielt integrert med samarbeid og utviklingsoppgåver saman med andre etatar i kommunen, er det stor skepsis til at landbruk skal bli trekt ut av dette miljøet. Dette er utfordringar som til ein viss grad kan kompenseras gjennom faste kontordagar i kommunane og meir formaliserte samarbeidsrutinar.

Samarbeidsmodellen der ein har eitt fagmiljø, men med lokalisering i kvar kommune, er i utgangspunktet tenkt å ta omsyn til avstandsproblematikk og samhandling internt i kommunane. Dette er ein modell som møter stor skepsis. Dette fordi det blir vanskeleg å hente ut positive effektar av eit større fagmiljø så lenge det ikkje er samlokalisert. Det vil ikkje vera så lett å spesialisere seg og fordele oppgåver, og det vil dermed òg vera vanskelegare å frigje ressursar til utviklingsarbeid. Dersom ein satsar på spesialisering gjennom ein slik modell, risikerer ein at brukarane må besøke fleire kontor rundt i Vest-Telemark for å få den hjelpa dei treng.

Men meir operativt samarbeid utan formell organisering vil heller ikkje påverke tilgjenge og samarbeid i kommunane i særleg grad. Tettare nettverksamarbeid kan til ein viss grad styrke kompetansen og oppgåvehandteringa ved det enkelte kontor, men ein løyser ikkje utfordringane med manglande kapasitet og kompetanse knytt til små og sårbare fagmiljø. Dette er òg ei erfaring frå

liknande samarbeid mellom kommunar med små og sårbare fagmiljø. I Vest-Telemark har ein tidligare forsøkt seg på slike samarbeid, men det stoppa opp. Dersom ein skal etablere eit slikt samarbeid, vil det vera nødvendig å sette av ein ressurs til planlegging, leining og koordinering av eit slikt samarbeid.

Den mest framtidsretta løysinga synest altså å vera at landbrukskontora blir samlokalisert i eit hovudkontor, men der ein kan ha faste kontordagar i samarbeidskommunane for å ta i vare nærleiken til brukarane og samarbeidet med andre etatar i kommune. Behovet for slike tiltak må vurderast nærare. I dagens samarbeid mellom Kviteseid og Nissedal, der avstandane er store, har ein ikkje faste kontordagar i samarbeidskommunen. På grunn av digitaliseringa har ikkje gardbrukarane like stort behov for å besøke landbrukskontoret som før, men det blir sett som viktig at dei får den hjelpa dei treng når behovet er der. Eit felles landbrukskontor med eit sterkt fagmiljø vil ha gode føresetnader for det, samanlikna med små og sårbare kontor i dei enkelte kommunane.

Dersom ikkje alle kommunane blir med i eit felles landbrukskontor for Vest-Telemark, kan ein tenkje seg ein modell med felles landbrukskontor for dei kommunane som vil, og at ein har eit nettverksamarbeid med den eller dei kommunane som ikkje er med. Når færre kontor inngår i eit slikt nettverkssamarbeid, vil det vera lettare å koordinere og utvikle eit slikt samarbeid. Dersom ein skal ha eit felles kontor som kan leggje grunnlag for ei vesentleg styring av fagmiljøet, bør likevel eit fleirtal av kommunane i Vest-Telemark vera med. Alle kommunane i Vest-Telemark har eit lite og sårbart fagmiljø på landbruk i dag, og det er naudsynt å samle det meste av ressursane dersom ein skal ha eit sterkt landbruksfagleg miljø.

Det har ikkje vore ein del av mandatet å vurdere lokalisering av eit eventuelt felles landbrukskontor, men det har vore ønskeleg at moment som ein bør leggje vekt på i samband med desse vurderingane, bør synleggjerast. Lokalisering er ofte eit vanskeleg spørsmål ved etablering av slike samarbeid. Dersom ein ser på mulegheiter for samarbeid på fleire samarbeidsområde samstundes, vil det vera ein fordel med ei samla vurdering av lokaliseringa av dei ulike samarbeida. Det vil då vera lettare å koma til semje, og dette var ein suksessfaktor for etablering av dei ulike interkommunale samarbeida i Midt-Telemark. Gjennom ei slik heilskapleg vurdering vil det vera lettare å ta omsyn til at behovet for tilgjenge til brukarane er forskjellig for ulike typar samarbeid.

Når det gjeld landbruk, er det fleire som er opptatt av at eit eventuelt felles kontor ikkje blir lokalisert på ein stad for seg sjølv, men i eit miljø der ein er saman med andre som arbeider med tilgrensande fagområde. Dette kan ytterlegare forsterke dei positive effektane av eit landbrukssamarbeid. Det er òg erfaringane ein sit att med frå landbrukssamarbeidet i Midt-Telemark.

Referansar

- Borge, L.E., Brandtzæg, B.A., Vegard, S.F., Kråkenes, T., Rattsø, R., Røtnes, R., Sørensen, R.J. & Vinsand, G. 2017. Nullpunktsmåling. Hovedrapport. – Senter for økonomisk forskning ved NTNU, NIVI Analyse, Handelshøyskolen BI, Samfunnsøkonomisk analyse og Telemarksforskning.
- Brandtzæg, B.A. & Aastvedt, A. 2013. Kommune- og forvaltningsgrenser. utfordringer i byområder. Gjennomgang av noen eksempler. – Telemarksforskning. Rapport nr. 312.
- Brandtzæg, B.A. & Lie, K. 2004. Felles landbrukskontor for Skien, Porsgrunn, Drangedal, Siljan og Kragerø. Lokalisering og organisering. - Telemarksforskning-Bø. Arbeidsrapport nr. 19 2004.
- Brandtzæg, B.A. & Sanda, K.G. 2003. Vellykkede interkommunale tjenestesamarbeid. Resultater fra en kartlegging høsten 2002. – Telemarksforskning-Bø. Rapport nr. 204 2003.
- Brandtzæg, B.A. 2016. Evaluering av interkommunale barneverntjenester i Sør-Trøndelag. – Telemarksforskning. Rapport 382.
- Brandtzæg, B.A., Kili, T. & Aastvedt, A. 2008. Eierskap. Behov og muligheter for politisk styring av selskaper og samarbeid i kommunene. - Telemarksforskning-Bø. Arbeidsrapport nr. 7 2008.
- ECON 2006. Interkommunalt samarbeid i Norge – omfang og politisk styring. – ECON-rapport 2006-057.
- Gjertsen, A. & Martiniussen, K. 2006. Styring og kontroll av kommunale selskaper og foretak. – Nordlandsforskning. NF-rapport nr. 18/2006.
- Jacobsen, D.I. 2014. Interkommunalt samarbeid i Norge. Former, funksjoner og effekter. Fagbokforlaget.
- Langset, M. & Vinsand, G. 2016. Evaluering av prosjekt Plan, miljø og landbruk. Utarbeidet på oppdrag fra Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. NIVI-rapport 2016:6.
- Leknes, E., Gjerstad, A., Holmen, A.K., Lindeløv, B., Aars, J., Leknes, I. & Røyseland 2013. Interkommunalt samarbeid. Konsekvenser, muligheter og utfordringer. Stavanger. IRIS rapport 2013/008.
- Vista Analyse 2013. Analyse av utgiftsbehovet i kommunal landbruksforvaltning. Vista Analyse AS. Rapport nummer 2013/34.
- Weigård, J. 1991. Interkommunalt samarbeid - et alternativ til kommunesammenslåing. - Norsk institutt for by- og regionforskning. NIBR-rapport 1991:22.